

Bykle kommune
Årsmelding 2024



Innhold

Føreord	3
Pliktig årsberetning	5
Organisering	5
Politisk organisering	5
Likestilling, mangfold og inkludering	7
Utgreiing for kjønnslikestilling	8
Stillingsstorleik	9
Lønnskartlegging	10
Del 2 - Aktivitetsplikta	11
Etikk	13
Medarbeidarar sjukefråvær og årsverk 2024	14
Sjukefråvær	16
Økonomi	18
Generelt	18
Driftsresultat for Bykle kommune	19
Finansielle måltal	21
Fordeling inntekter og utgifter	22
Økonomisk analyse	23
Arbeidskapital	24
Nøkkeltal frå rekneskapen	24
Skattedekningsgrad	24
Resultatgrad	24
Rente- og avdragstyngd	25
Driftsrekneskap-Budsjett	26
Investeringsrekneskapen – Budsjett	31
Resultat 2024	34
Næringsfondet	35
Avsetning til fond	36
Bruk av fond	36
Anna informasjon	37
Årsmelding frå stab og tenesteeiningar	37
Sentraladministrasjon	37
Pleie- og omsorgstenesta	52
Helsetenesta i Bykle og Valle	55
Teknisk drift og eigedom	58
Kultur og fritid	61
Bykle barne- og ungdomsskule	64
Fjellgardane skule	66
Barnehage	69

Føreord

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2024. Årsmeldinga er kommunedirektørens presentasjon av kommunens rekneskap og oppnådde resultat frå året vi har lagt bak oss.

I 2024 møtte Kommune-Noreg eit komplekst utfordringsbilet. Internasjonale kriser, som med anna krigen i Ukraina og uroa i Midtausten, førte til humanitære katastrofar, politiske spenningar og verdsomfattande økonomisk usikkerheit. I Noreg opplevde vi prisvekst og høge rentar. Dette påverka både folk, næringsliv og kommunar.

Kommunane i Noreg fekk generelt ein strammare økonomi og mange sleit med å oppretthalde tenestenivået til innbyggjarane. Når ein summerer opp 2024 for Bykle er det likevel god grunn til å hevde at kommunen går svært godt i ei uroleg tid.

Økonomien er sunn og tenestenivået er høgt. Kommuneplanens samfunnsdel gjev tydeleg retning og set mål for utvikling av kommunen. Kommunestyret har vedteke langsiktige sentrums-, destinasjons- og infrastrukturtiltak som understøttar måla. Det økonomiske handlingsrommet set oss i stand til å gjennomføre tiltaka og nå måla

Samstundes må ikkje kommunen sin økonomiske situasjon vere ein kvilepute i arbeidet med å handtere samtidas og framtidas utfordringar. Sentrale myndigheites krav og innbyggjaranes legitime forventningar til kommunen har auka over tid. Alt tydar på at dei vil fortsette å auke i åra som ligg framom oss.

Bykle er ein liten kommune og ein liten organisasjon, men små kommunar vert stilt ovanfor dei same krava og forventningane som dei store. For å møte dette treng vi ny kompetanse og strategisk utviklingskraft, men vi må òg ta innover oss at inntektene vi har i dag kan verte redusert i framtida. Kraftinntektene er under press frå fleire hald.

Ei verd i hurtig og omfattande endring gjer at kommunen må omstille seg for å ivareta innbyggjarane sine behov og rettigheter. I 2024 har kommunedirektøren på oppdrag frå kommunestyret gjennomført ein prosess for å tilpasse organisasjonen til å møte utfordringsbiletet. Kompetanse og ressursar til å styrke arbeidet med strategisk utvikling, internkontroll og effektivisering vert realisert gjennom organisatoriske endringar og ressursallokering. Målet er å sikre gode tenester til innbyggjarane og ein berekraftig økonomi.

Tenestene i Bykle kommune skal vere gode og tilgjengelege. Det krevjar at vi jobbar kontinuerleg med tenestekvalitet og tenesteutvikling. Rekruttering og stabil bemanning i tenestene er avgjerande for å lykkast. Parallelt med nye krav til oppgåver og kompetanse, opplever vi større vanskar med å rekruttere på alle områder. Alt tydar på at mangel på arbeidskraft og kompetanse vil vere eit stor utfordring framover for både privat næringsliv og det offentlege.

I løpet av dei seinast tre åra har Bykle kommune teke imot over 60 flyktningar frå Ukraina. Kommunen, frivilligheita og innbyggjarane har jobba saman for at dei skal

verte godt integrerte. Dei nye byklarane tilfører kommunen viktig kompetanse, arbeidskraft, erfaringar og perspektiv. Som kommune og samfunn har vi ein viktig jobb i å legge til rette for at desse ressursane vert nyttiggjort.

Utdanning, arbeid og sosial inkludering er viktig for folkehelsa. Kommunen har dei seinaste åra jobba aktivt for å forebygge utanforskap gjennom Frivilligsentralen, Brynjesprosjektet og Bykle vaskeri. Dette arbeidet gjev kommunen innsikt i utanforskap som ikkje vert fanga opp av den offisielle statistikken og moglegheit til å sette inn tiltak som gjev effekt.

Gode system gjennom standardisering og digitalisering av arbeidsprosessar der ein utnyttar det teknologiske handlingsrommet gjev betre kontroll og effektivitet. Dette hadde høg prioritert i 2024 og vil ha høg prioritet i åra vi har framom oss. Kommunedirektøren er likevel medviten om at digital kompetanse er ujamt fordelt blant både innbyggjarar og tilsette. Kommunen jobbar difor for å auke den digitale kompetansen, samstundes som den legg til rette for dei som ikkje har den.

Natur-, klima- og miljøutfordringane er globale, men for å handtere dei må vi handle lokalt. Lovar, reglar og sentrale styresmakter sine forventningar til kommunane vert stadig skjerpa. Dette påverkar kommunen sine administrative prioriteringar og det lokalpolitiske handlingsrommet. Bykle kommune har difor ein berekrafttilnærming i utviklingsarbeidet og i den langsiktige forvaltninga av kommunens ressursar.

Det vert samarbeidd godt på tvers av tenesteeiningar og fag, og dei tilsette strekk seg langt for å gjere sitt aller beste for Bykle kommune. I årsmeldinga finn ein årsrapportar frå alle tenesteeiningane. Desse rapportane gjev eit godt innblikk i utfordringar og prioriteringar frå året vi har lagt bak oss. Kommunedirektøren oppmodar alle til å lese desse grundig.



Kommunedirektøren ønskjer å takke tilsette og politikarar for eit godt samarbeidd i 2024. Dei tilsette har jobba godt for å levere og utvikle gode tenester til innbyggjarane, og samarbeidet mellom politikk og administrasjon har vore konstruktivt, utviklingsorientert og prega av god rolleforståing.

Karina Sloth
Kommunedirektør

Pliktig årsberetning

Organisering

Politisk organisering



Kommunestyret, mandatfordeling ved val i 2023:

	Menn	Kvinner	Sum
Arbeiderpartiet	2	2	4
Senterpartiet	2	0	2
Kristeleg Folkeparti	1	0	1
Høgre	2	1	3
Venstre	1	1	2
Bykle Bygdeliste	1	0	1

Ordførar: Hans Blattmann, AP

Varaordførar: Anne Merethe Hjemdahl, H


Leiar planutval: Anne Merethe Hjemdahl, H

Leiar leverkårsutval: Thor Bernhard Sagland, KRF

Leiar kontrollutvalet: Olav Mandt, H

Saker	2021	2022	2023	2024
Delegerte vedtak: - Byggesak	540	453	480	327
Politiske saker:				
Planutvalet	252	219	163	160
Formannskap	144	127	118	135
Kommunestyret	132	155	148	148
Levekårsutvalet	39	36	21	54

Kommunen skal ha fokus på god tenesteproduksjon til brukarane våre og aktiv tilrettelegging for næringsutvikling. Brukarane er i første rekkje innbyggjarane i kommunen, men "fritidsinnbyggjarane" er også brukarar av kommunale tenester.



Bykle kommune har i 2024 ein auke i innbyggertal på 28 personar, Per 1.1.2024 var det 1011 innbyggjarar i kommunen, per 31.12. 2024 var vi 1039 personar, 529 menn og 510 kvinner. Her er vist folketal, etter alder. Tal frå SSB.

Likestilling, mangfald og inkludering

Likestilling inneber å sikre at alle menneske har like rettar, moglegheiter og verdigheit, uavhengig av kjønn. Dette tyder at menn og kvinner skal ha like moglegheiter til utdanning, arbeid, politisk deltakelse og personleg utvikling. Likestilling handlar også om å bekjempe diskriminering og urettferd basert på kjønn, og å fremje ein kultur der alle har likeverdige moglegheiter til å realisere sitt fulle potensial.

Mangfald refererer til den breie variasjonen av menneskeleg erfaring, identitet, bakgrunn og perspektiv. Dette inkluderer skilnader i kjønn, etnisitet, kultur, religion, alder, seksuell orientering, funksjonsevne og meir. Å anerkjenne og verdsette mangfaldet i samfunnet bidreg til å skape eit meir inkluderande og rikt miljø der ulike stemmer og perspektiv blir høyrte og respektert.

Inkludering handlar om å aktivt arbeide for å skape eit samfunn eller ein organisasjon som er open, respektfull og tilgjengeleg for alle menneske, uavhengig av deira bakgrunn eller identitet. Dette inneber å fjerne barrierar som kan hindre deltakelse og engasjement, og å fremje ein kultur der alle kjenner seg velkomne, aksepterte og verdsatte. Inkludering handlar òg om å ta informative tiltak for å sikre at alle grupper og enkeltpersonar får like moglegheiter og tilgang til ressursar.

I lag utgjer desse omgrepa eit rammeverk for å bygge eit rettferdig, inkluderande og mangfaldig samfunn der alle menneske kan leve frie, verdige og likeverdige liv. Å fremje likestilling, mangfald og inkludering krev medvit, engasjement og handling på individ-, samfunns- og politisk nivå for å skape ei verd der alle har moglegheita til å trivast og realisere sitt fulle potensial.

Alle offentlege styresmakter er lovpålagde å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering i tenester og forvaltning, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. Etter kommunelova § 14-7 andre ledd bokstav e) og f) skal det gjerast greie for dette arbeidet i årsberetninga.

Bykle kommune har ikkje mottatt førespurnader om brot på likestillings- og diskrimineringslova. I tråd med lova arbeider Bykle kommune for universell utforming, både når det gjeld å leggje til rette for publikum, brukarar av kommunale tenester og for dei tilsette (som arbeidsgivar). Dette omfattar fysisk tilgjenge og tilgjenge til informasjon. Bykle kommune jobbar for likestilling og mot diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, og kombinasjonar av desse grunnlaga. Medvitet rundt dette er generelt godt i alle verksemdar. I tillegg til pålegg i lov og avtaleverk for kommunesektoren er lokale retningslinjer utforma med likestilling og likeverd for auga.


Redegjeringa er delt i to delar:

- Faktisk tilstand for kjønnslikestilling i verksemda
- Arbeidet som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta

Utgreiing for kjønnslikestilling


Kjønnsbalansen i administrasjonen har vore stabil over år, med eit forholdstal på om lag 71/29 mellom kvinner og menn. Menn vert til ein viss grad oppfordra til å søkje stillingar i t.d. omsorgsyрке, men ved tilsetjing vert kvinner og menn stilt likt. Det er den samla kompetansen i høve til krav til stillinga som vert avgjerande.

Fordeling kvinner / menn




Når me ser på korleis kvinner og menn fordeler seg i ulike aldersgrupper, ser me at talet på er høgast og held seg stabil blant tilsette over 50 år.

Alders - og kjønnsfordeling



I heiltidskultur er eitt av måla å skape attraktive stillingar og arbeidsplassar. Vi er stolt av at 84% i Bykle kommune er tilsett på heiltid.



Stillingsstorleik

I kommunedirektøren si leiargruppe er det 5 menn og 7 kvinner. Både i forhold til dagleg drift og rekruttering tilstrebast mest mogleg lik behandling av begge kjønn.

Per 31.12.24 var det 198 tilsette derav 141 kvinner og 57 menn i faste og mellombelse stillingar inkludert 3 lærlingar og 2 LIS 1-legar.

Organisasjon hierarki	Nivå	2024-12			
		Personer	Kvinner	Menn	Ansattandel
► 11 - Sentraladministrasjonen	4	31	16	15	29,0
► 20 - Helse og omsorg	4	76	64	12	66,9
► 30 - Teknisk drift og eigedom	4	28	10	18	27,5
► 40 - Kultur og fritid	4	12	10	2	11,5
► 50 - Oppvekst	4	51	41	10	49,1
Total		198	141	57	184,0

Det er i tillegg 1,7 årsverk knytt til politisk styring (ordførar, varaordførar, leiarar hovudutval og gruppeleiarar). I tillegg har det vore 2,81 vakante stillinger. Det er også

tilknytt timelønnte vikarar i dei forskjellige einingane, der det er 35 kvinner og 12 menn.


Tilsette i foreldrepermisjon

Foreldrepermisjon er ein rett for både mor og far regulert i lov, forskrift og i Bykle kommunes personalhandbok. I 2024 har to menn og seks kvinner vært i foreldrepermisjon i Bykle kommune. Det finst ingen risiko for diskriminering, eller andre hinder for likestilling, knytt til foreldrepermisjon i kommunens reglement eller i den praksisen vi observerer i dei ulike tenestene.


Lønnskartlegging

Gjennomsnitt av årslønn i dei ulike kapitla i Hovudtariffavtalen


Gjennomsnitt av årslønn 2024 viser at mannlige leiarar (kapittel 3.4.2) i gjennomsnitt har litt høgare lønn enn kvinnelige leiarar.



Gjennomsnitt av årslønn 2024 viser at kvinner i kapittel 5, i gjennomsnitt har litt høgare lønn enn menn.



Gjennomsnitt av årslønn 2024 viser at kvinner i kapittel 4, i gjennomsnitt har litt høgare lønn enn menn.



Del 2 - Aktivitetsplikta

Alle arbeidsgivarar i Noreg er pålagde ei generell aktivitetsplikt for å sikre likestilling og hindre diskriminering. For alle offentlege arbeidsgivarar og alle private arbeidsgivarar med over 50 (20) tilsette, gjeld ei spesifisert og konkret plikt som er beskrevet i Likestillings- og diskrimineringslova. Verksemdene som er omfatta av aktivitetsplikta skal vurdere risiko og hinder for likestilling på følgjande område:

- Rekruttering
- Lønns- og arbeidsvilkår
- Forfremming
- Utvikling/opplæring

I tillegg til dette er det eit pålegg om å:

1. Undersøke risiko for diskriminering og hinder for likestilling
2. Analysere årsakene til identifiserte risikoar
3. Iverksetje tiltak for auka likestilling og mangfald og motverke diskriminering
4. Vurdere resultata av arbeidet

Ved rekruttering eller forfremming i Bykle kommune skal tilsetjingsmyndigheita gjere sine vurderingar av kandidatenes eignaheit til stillinga basert på krav til kvalifikasjonar i stillinga, uavhengig av kandidatenes kjønn, etnisitet eller andre diskrimineringsgrunnlag. Dette kjem tydeleg fram i Bykle kommune sitt tilsetjingsreglement. Stillingsannonser blir utforma på ein slik måte at alle kvalifiserte søkjarar skal føle seg velkomne til å søkje.

Kommunen erfarer at det er svært få søkjarar med nedsett funksjonsevne som søker stillingar. Bykle kommune har i periodar flyktningar på språktrenings- og arbeidspraksisplass for å kvalifisere menneske som står utanfor arbeidslivet til jobb. Kommunen har tilsette frå ei rekkje nasjonar, desse tilsette er rekrutterte ut frå sine faglege kvalifikasjonar i konkurranse med andre søkjarar.

Forfremming blir oppfatta som tilsetjing i ei stilling på høgare nivå. Tilsetjing skjer som omtalt over etter kvalifikasjonsprinsippet, og alle stillingar blir kunngjorde med mindre det er kvalifisert tilsett med behov for, og rett til, omplassering som skal tilbydast stillinga etter bestemmelsane i Arbeidsmiljølova (AML). Bykle kommune har gode rutinar for vurdering av tilsette sine rettar til større stilling (merarbeid) etter bestemmelsane i AML og tariffavtale, og tilsvarande rettar etter 3-årsregelen. Det blir gjort konkrete vurderingar og tiltak ved ledigheit for å kunne slå saman til større stillingar, og dette har gitt høgare stillingsbrøkar for fleire tilsette.

Fastsetjing av lønn skjer med grunnlag i Hovudtariffavtalen for kommunesektoren, og Bykle kommune sin lokale lønnspolitikk er utarbeidd i tett samarbeid med dei tilsette sine representantar. I kommunesektoren skjer lønnsforhandlingar for dei store gruppene ved sentrale lønnsforhandlingar mellom partane. Lokale lønnsforhandlingar blir gjennomførte med utgangspunkt i lokal lønnspolitikk. Eit sentralt lønnsforhandlingsutval i kommunen gjennomfører forhandlingane for å sikre heilskapstenking for medarbeidarar på same utdanningsnivå.

Utvikling og opplæring skjer på grunnlag av ei vurdering av verksemdene sine behov for kompetanse, på kort og lengre sikt. Mange tilsette tar etter- og tilleggsutdanning, basert på verksemda sine behov og den enkelte medarbeidar sin motivasjon og føresetnader. Det har i fleire år vore satsing på medarbeidarar som ønskjer å ta fagbrev, spesielt innan faga reinhald. I desse yrka er det ein del tilsette med innvandrarbakgrunn.

Medarbeidersamtale med den enkelte bidrar til å avklare behov for utvikling og opplæring. Det er ingen tendensar til at tilsette av eit kjønn blir prioritert framfor andre.

Bykle kommune forhold seg til arbeidsmiljølova sin intensjon om å tilby heiltidsstillingar så langt det er mogleg. Å skape ein heiltidskultur handlar om betre tenestekvalitet for brukarane gjennom auka eigarskap og kontinuitet i arbeidsstokken, betre moglegheiter til fagutvikling og effektiv drift. Arbeidsmiljølova, Hovudtariffavtalen og Bykle kommune sin personalhandbok inneheld bestemmelsar om tilrettelegging og permisjonsrettar. Kommunen sine eigne retningslinjer gir i mange tilfelle betre rettar enn det som er lov- og avtalefesta. Det blir lagt til rette for at tilsette, som av ulike årsaker har behov for/rett til tilrettelegging av arbeidsoppgåver eller arbeidstid, får dette for ein avtalt periode.

Det er eit faktum at Bykle kommune, som andre norske kommunar, er prega av eit kjønnsdelt arbeidsmarknad. Det er i 2024 ikkje iverksett rekrutteringstiltak for å auke delen menn i dei kvinnedominerte yrka.

Bykle kommune oppfordrar sine arbeidstakarar til trygt, og utan fare for gjengjelding, å varsle om kritikkverdige forhold av typen diskriminering, mobbing og trakassering. Kommunen har utarbeidd eigne rutinar for tilfelle der varsling er nødvendig i kvalitetssystemet (Compilo). I kommunen sitt avviksmeldingssystem er det lagt til rette for at tilsette kan melde frå dersom dei opplever uønska seksuell merksemd eller annan form for diskriminering. Bykle kommune har ikkje gjennomført eigen risikovurdering for diskriminering etter likestillings- og diskrimineringslovgivinga, men det blir gjennomført risikovurdering i vernerundar. Administrasjonen meiner å ha grunnlag for å seie at det er ryddigheit og medvit rundt rekruttering, forfremming, lønsfastsetjing og utvikling/opplæring, noko som medfører at det er låg risiko for at diskriminering finn stad.

Etikk

Bykle kommune har eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette, vedtatt av kommunestyret 20.6.2013. Formålet med Bykle kommunes etiske retningslinjer er å utvikle ein praksis på alle nivå som gjer at vi reagerer og handlar rett. Også i situasjonar der etiske grenser er uklære, eller der vi ikkje har tenkt at handlinga kan

vere uetisk eller medføre mistillit. Retningslinjene er tatt inn i Bykle kommunes personalhandbok, og leggjast på leseliste for alle nye tilsette. Etikk er ein del av det daglege virket, og for yrkesgruppene som er representert i Bykle kommune er også etikk ein viktig del av deira utdanning. Dei etiske retningslinjene skal opp til revidering i løpet av 2025.

Medarbeidarar sjukefråvær og årsverk 2024

Rekruttering

Rekruttering er ein avgjerande prosess for å finne og velje eigna kandidatar til stillingar eller roller i ein organisasjon. Det handlar om å tiltrekke seg talentfulle og eigna kandidatar som kan bidra til å oppfylle organisasjonen sine mål og behov. Bykle kommune hadde 39 utlysingar av ledige stillingar med søknadsfrist i perioden 01.01.24–31.12.24. Det er gjort vedtak i totalt 52 tilsetjingssaker som inkluderer tilkallingsvikarar, sommarvikarar, vikariat og faste stillingar. I 2024 hadde Bykle kommune totalt 3 lærlingar innan helsefagarbeidar og byggdriftar. Bykle kommune er aktive på sosiale medium i samband med rekruttering og har i 2024 deltatt på rekrutteringsmesser i Kristiansand.

Lønsoppgjeret

I 2024 var det hovudoppgjer og gjennomsnittleg årslønnsvekst (for alle kap. i hovudtariffavtalen) frå 2023 til 2024 for KS-området var 5,2 %. Verknadsdato for lønsoppgjeret i 2024 var 01.05.24 for kapittel 4, 3 og 5. Dei fleste kommunalt tilsette får løna si fastsett ved sentrale forhandlingar (kap. 4). Lønnsutvikling i kapittel 3 (leiarar) og kapittel 5 (akademikarar) har lokal lønsfastsetjing og blir berekna med utgangspunkt i gjennomsnittleg årslønnsvekst i kapittelet. Årslønnsveksten for kap. 3 (leiarar) var 5,2 % og kap. 5 etter lokale forhandlingar lokalt blei høvesvis 5,2 % inkludert overheng og lønsgliding. I tillegg gjennomførte vi fleire særskilte lønsforhandlingar og lønsfastsetjingsmøter i 2024, i samband med kompetanse, samt behalde og rekruttere i stillingar i Bykle kommune.

Medbestemming

Verne- og miljøarbeidet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) hadde 5 ordinære møter i 2024 og handsama totalt 27 saker. Representant frå bedriftshelsetenesta har delteke på AMU-møter og det er gjennomført tema på konflikter og omstilling/endringsarbeid. AMU har vedteke årshjul for faste saker, bl.a. handsaming av kvartalsvise rapportar over sjukefråvær og avvik. Bykle kommune har hatt rammeavtale med bedriftshelseteneste (BHT). BHT utarbeider års- og statusrapportar kvart år, samt samarbeidsplan. BHT blir i hovudsak nytta til lovpålagte helsekontrollar for enkelte yrkesgrupper, samarbeidsmøte på einingane, deltaking i AMU, rådgjeving og opplæring. Det er gjennomført faste møter med hovudverneombod, kommunedirektør og personalsjef annankvar månad. Hovudverneombod har faste møter med verneomboda i

einingane. Vi har kontrakt med Medco Bedriftshelseteneste AS og har ein samarbeidsavtale der ein avtalar kva område dei skal engasjere seg i. Samarbeidsavtalen gjeld for eitt år av gongen og blir utarbeidd etter innspel frå einingane. Den blir vedteken av arbeidsmiljøutvalet. Det er gjennomført risikovurderingar, vernerundar og medarbeidarundersøking for heile kommunen.

Tillitsvalde

Bykle kommune har 15 tillitsvalde ute på arbeidsplassane inkludert dei 3 hovudtillitsvalde (NSF, Fagforbundet og Utdanningsforbundet). Hovudtillitsvalde har faste møter med kommunedirektøren/personalsjefen og er med i tilsetjingar og drøftingar på leiarnivå. Dei andre tillitsvalde deltek i prosessar ute på einingane/avdelingane.

Erkjentligheitsmarkering

24. januar 2024 ble det gjennomført erkjentligheitsmarkering på Hovdestøylen med to tilsette for å vise takksemd for 25 års tenestetid i kommunen.

Trivselstiltak

Det vart gjennomført medarbeidardag den 2. mai på Bykle samfunnshus der Per Henrik Stenstrøm heldt foredraget "Kunsten å vere ein god kollega". Om lag 150 tilsette deltok på arrangementet som ble gjennomført i to omgangar slik at alle medarbeidarar hadde moglegheit til å delta. Den 3. mai ble det arrangert vårfest på Bykle hotell for alle tilsette med god mat, kulturelle innslag frå Fjellgardane skule og dans.

Opplæring

Bykle kommune legg til rette for - og oppmuntrar til - kompetanseutvikling for å møte nye krav og forventningar. Kompetanseutvikling blir planlagt i den enkelte verksemda, og kompetansetiltak skal ha sitt utspring i verksemda sitt behov for kompetanse for å kunne levere tenester med riktig kvalitet, både på kort og lengre sikt. Det er verksemdsleiarane som følgjer opp at tiltak innan eigen eining blir gjennomført. HR og organisasjon samordnar fellestiltak og har dialog med aktuelle ressursar som kan forestå opplæring. I 2024 har vi innført nytt HR-system som har ført til mykje opplæring retta mot dette. I tillegg er det blitt gitt opplæring i sak/arkiv (Elements) og kvalitetssystemet (Compilo). Den digitale plattformen Teams blir nytta i tillegg til kurs med fysisk oppmøte. Det er i samarbeid med bedriftshelsetenesta Medcom din HMS gjennomført felles kurs for alle tilsette i forhold til vald og truslar på arbeidsplassen.


Heiltidskultur

Deltidskultur medverkar til eit kjønnsdelt arbeidsliv. Slik arbeidet har vorte organisert, særleg innanfor tenester med heildøgnsdrift, har det vorte lagt opp til at ein stor del

av arbeidstakarane må gå i små stillingar for å dekkje opp behovet for personale på helg. Denne tunge deltidskulturen finst i hovudsak der kvinner er i fleirtal blant dei tilsette. Bykle kommune har 32 tilsette i deltidsstillingar, nokon av desse er gradert ufør, har gått av med delvis AFP eller ynskjer ikkje større stilling. For dei som ynskjer heil-/større stilling søker Bykle kommune så langt som råd å slå saman og tilby deltidstilsette utvida stilling når det er ledig stilling dei er kvalifisert for. Vi er stolte av at 84 % i Bykle kommune er tilsett på heiltid.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2024 var totalt på 9,42 % mot 9,85 % i 2023. Sjukefråvær er ein økonomisk kostnad, då arbeidsgjevar betalar sjukepengane i arbeidsgjevarperioden, dei første 16 dagane av fråværet. Det vil seie at det meste av korttidsfråværet er det arbeidsgjevar som betalar for. Nokre har fritak for arbeidsgjevarperiode, der NAV betalar alt, men det er eit fåtal. Fråværsprosenten er høgare enn det vi har som målsetting. Målsettinga for 2024 var eit sjukefråvær under 6 %. Det er ikkje meldt at fråværet skuldast arbeidstilhøve. Arbeidsgjevar har gjort tilrettelegging og tilpassing av oppgåver i nokre tilfelle. I einingane blir det gjort godt arbeid med oppfølging av sjuke arbeidstakarar, men vi kan gjere ein endå betre innsats på tett oppfølging og betre innsats på førebygging. Det skal lite til før fråværet svingar i ein liten organisasjon. Arbeidsmiljøutvalet har igangsett eit trimprosjekt og vil fortsette å ha fokus på sjukefråvær og sjå på tiltak som kan redusere dette.



Administrativ organisering 2024

Kommunen er organisert med 7 tenesteeiningar og 4 avdelingar i kommunedirektøren sin stab. Budsjett vert vedteke per eining, som rammebudsjett.

Dei 7 tenesteeiningene er

- Pleie og hjelpetenesta,
- Helsetenesta i Bykle og Valle,
- Kultur og fritid,
- Barnehagane,
- Bykle barne- og ungdomskule,
- Fjellgardane skule,
- Teknisk drift og eigedom

Kommunedirektørens stab er organisert slik:

Direkte under kommunedirektøren i tillegg til stabseiningene:

digitaliseringsansvarleg/ beredskapskoordinator, kommunikasjonsrådgjevar, seniorrådgjevar folkehelse og flyktningarbeid, skule og- barnehage fagleg rådgjevar, strategisk rådgjevar og juridisk rådgjevar.

Stabseiningar med egne leiarar:

Planavdelinga: byggesak, oppmåling, landbruk/utmark, areal/plan, Gis/geodata

HR – og organisasjon: HR, løn, Politisk sekretariat Post- og arkivtenesta Sentralbord og publikumsmottak

Økonomiavdelinga: budsjett, rekneskap, innfordring, økonomi, eigedomsskatt.

Næring: administrativ kontaktperson overfor næringslivet, næringsutvikling og næringssaker.

Økonomi



Generelt

Bykle kommune har ein god økonomi, men inntektene er under press. Realverdien av skatter og avgifter vert redusert år for år. Avkastning, overskot, fondsbeholdning og resultatgrad er omgrep som blir nytta i analysen av kommunane som organisasjonar. Desse kan være aktuelle i visse høve, men ein bør hugse på at målet er å gje gode og relevante tenester, å investere i fellesgode og forvaltning som gjev innbyggjarane velferd, trivsel og utfolding.

Bykle kommune endra økonomisystem frå 01.01.2024. Det vert og gjort endringar i organisering og inndeling av kor kostnader vert belasta. Mellom anna vart interkommunale samarbeid og anna eksternt teke ut frå einingane og lagt inn på eige område. Av den grunn er det vanskeleg å samanlikne tal frå tidlegare år mot 2024 på einingsnivå.

Samla sett ligg driftsinntektene i 2024 over revidert budsjett. Det same gjeld driftskostnadane som og er over revidert budsjett. Verdiane på aksjar er vurdert i samsvar med gjeldande reglar. Avskrivning på bygg og anlegg er gjennomført med standard avskrivingssatsar. Avsetjingar og periodiseringar er gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk.

Dei viktigaste inntektskjeldene for Bykle kommune er: Naturressursskatt, formues- og inntektsskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, finansinntekter og brukarbetaling for kjøp av kommunale tenester.


Av driftsinntekter i 2024 på totalt kr 431 896 000 er kr 193 922 000 kraftrelatera inntekter, som følge av erstatningar og kompensasjon frå kraftutbygging og kraftproduksjon, og dei fordeler seg slik:

Konsesjonsavgifter (miljøavgift) kr 42 508 000

Konsesjonskraftinntekter kr 58 000 000

Eigedomsskatt på kraftproduksjon og kraftlinjer kr 56 785 000

Naturressursskatt kr 36 699 000



Dei kraftrelatera inntektane er avgjerande for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er særskild viktig å følgje opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigen kompetanse er til stades i kommunen, og at forståinga for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg.

Kraftinntekter er resultatet av store kraftutbyggingar i Bykle. Gjennom store regulerings-magasin i kommunen vert det generera ei verdiskaping av fornybar rein energi på over 3,5 TWH. Dette tilsvarar straum til over 220.000 husstander.

Men store utbyggingar har sin pris, som i Bykle med neddemde og øydelagde grender og bygdelag. Det er derfor veldig viktig å få fram samanhengane mellom den store prisen lokalsamfunnet har betalt, og den rettmessige godtgjeringa i form av skattar og avgifter som kjem ut i andre enden av desse utbyggingane, og som er eit avgjerande grunnlag for ei vidare drift og utvikling av lokalsamfunnet. Avkastinga av desse utbyggingane til region og stat er i sum fleire gonger større enn det som vert attendeført til rørde lokalsamfunn.

Driftsresultat for Bykle kommune

Bykle hadde eit netto driftsresultat i 2024 på kr 24 560 000. Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntekter etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Resultatet syner om kommunen byggjer eller tærer på

eigenkapitalen. Konesjonsavgifter, kr 42 508 000 for 2024, har særskilte reglar for korleis dei kan nyttast (næring og utbygging/infrastruktur). Brutto driftsresultat syner inntekter ein sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivingar, er dekkja.

- = inntekt

Resultatmål (tal i 1000)	2020	2021	2022	2023	2024
Brutto driftsresultat	- 49 169	- 36 671	-22 910	- 58 469	17 736
Netto driftsresultat	- 65 842	-49 415	-48 480	- 96 253	-24 560
Samla driftsinntekter	- 321 089	- 315 319	- 347 426	- 447 294	-431 896
Samla driftsutgifter	271 920	278 648	324 515	388 824	449 632

Brutto og netto resultatgrad syner forholdet mellom samla inntekter og utgifter. Forskjellen er at den eine (brutto) tek omsyn til avskrivingar, medan den andre (netto) tek omsyn til finansutgiftene. I kommunerekneskapen er det mest fokus på netto driftsresultat, og dette talet seier noko om kva kommunen har av eigne midlar til investering og avsetning. KS anslår at kommunane bør ha 2-5% netto driftsresultat for å ha ein sunn og berekraftig økonomi. Bykle har i 2024 netto driftsresultat på 6 %.

Likviditetssituasjonen er god. Samla kommunal langsiktig gjeld, om ein ser bort frå pensjonsforpliktelser, er på kr 133 550 000. Dette er lån teke opp i Husbanken for vidare utlån, kr 21 505 000. Resterande er for finansiering av eige bygg og til sjølvkostområdet; vann,avløp,renovasjon. Kommunen har per 31.12 ikkje langsiktige finansielle midler.

Saldo på næringsfond, driftsreguleringsfond og kapitalfond er redusert i 2024 med kr 17 995 000. Total saldo på fond, inkludert bundne midlar, er på kr 336 526 000. Dette tilsvarar ca 78 % av årets driftsinntekter. Delar av desse midlane er bundne midlar, så som grunnkapital næringsfond, løyvde ikkje utbetale næringstilskott, øremerka midlar og midlar sett av til vedtekne tiltak.

Inntektane for 2024 er høge på grunn av kraftinntekter, men forholdet mellom inntekter og utgifter utvikler seg i negativ retning, og vi må arbeide vidare med tiltak for å oppretthalde handlefridomen.

Finansielle måltal

Det er ved budsjetthandsaminga vedteke finansielle måltal. Dette for å ivareta den økonomiske handleevna over tid. Dei måltal som vart vedteke er

1. Netto driftsresultat vert sett til minimum 3 % av driftsinntektane
2. Disposisjonsfond skal vere minimum 15% av driftsinntektane
3. Langsiktig gjeld skal vere maksimum 65% av driftsinntektane
4. Eigenfinansiering investeringar skal vere minimum 20%


Resultatet for 2024 som gjeld dei finansielle måltala vart slik:

Netto driftsresultat	6 %
Disposisjonsfond (frie fond)	19%
Langsiktig gjeld (fratrullet pensjonsforpl)	30%
Eigenfinansiering investeringar	100%


Disposisjonsfond gjeld driftsreguleringsfondet. Det er fleire disposisjonsfond, men dei er avsatt spesielle formål. Tala for 2024 viser at vi ligg godt innforbi dei måltal vi har sett for å kunne ivareta vår økonomiske handleevne over tid.

Finansiering av årets investeringar er i hovudsak gjort ved bruk av tidlegare avsette midlar i driftsreguleringsfondet i tillegg til bruk av investeringsfond og næringsfond. Det er i 2024 ikkje teke opp nye lån for dekning av investeringar.

Fordeling inntekter og utgifter



	Note	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
1 Rammetilskudd		-22 118 351	-16 034 000	-16 034 000	-15 457 452
2 Inntekts- og formuesskatt		-45 529 363	-46 200 000	-46 200 000	-48 672 204
3 Eiendomsskatt		-56 784 929	-56 700 000	-59 700 000	-60 266 265
4 Andre skatteinntekter		-79 207 452	-42 800 000	-42 800 000	-77 872 622
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten		-47 885 929	-8 400 000	-8 400 000	-19 051 102
6 Overføringer og tilskudd fra andre		-124 205 697	-126 308 619	-122 422 619	-170 110 063
7 Brukerbetalinger		-5 825 203	-2 782 500	-2 782 500	-4 660 481
8 Salgs- og leieinntekter		-50 338 767	-53 794 800	-53 794 800	-51 203 815
9 Sum driftsinntekter		-431 895 691	-353 019 919	-352 133 919	-447 294 004
10 Lønnsutgifter		162 673 709	162 699 834	156 313 834	145 907 846
11 Sosiale utgifter		50 250 837	44 553 578	44 553 578	34 147 180
12 Kjøp av varer og tjenester		111 787 893	105 891 704	103 178 704	129 922 917
13 Overføringer og tilskudd til andre		98 581 534	70 226 526	30 226 526	52 637 136
14 Avskrivninger	4	26 338 675	26 000 000	26 000 000	26 209 634
15 Sum driftsutgifter		449 632 648	409 371 642	360 272 642	388 824 713



Økonomisk analyse

Dette avsnittet syner utviklinga i kommunen si økonomiske stilling ved hjelp av balanseoppstilling og endring i arbeidskapital.

Balanseoppstillinga viser utviklinga i kommunen sine bokførte eigenlutar, gjeld og egenkapital. Det er gjennomført aktiveringar og avskrivningar på ordinær måte. I summen anleggsmidlar er pensjonsmidlar i KLP og SPK (statens pensjonskasse) bokført med kr 336 366 000 samt at i summen gjeld på lang sikt ligg pensjonsforpliktelse i KLP og SPK med kr 332 573 000. Eigenkapitalen er auka med kr 2,451 mill.

i 1000

Balanse pr 31.12	2021	2022	2023	2024
Anleggsmidlar	1 043 798	1 061 084	1 111 427	1 156 670
Omløpsmidlar	326 804	368 988	408 725	407 735
Sum eigenlutar	1 370 602	1 430 072	1 520 152	1 564 405

Eigenkapital	923 953	955 533	1 045 985	1 048 436
Langsiktig gjeld	408 174	423 071	433 175	466 123
Kortsiktig gjeld	38 474	51 435	40 992	49 846
Sum gjeld og eigenkapital	1 370 601	1 430 039	1 520 152	1 564 405

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er lik omløpsmidlar minus gjeld på stutt sikt. Oversikt over utviklinga/endingar i arbeidskapitalen er nyttig informasjon i samband med vurdering av finansieringa av kommunen si drift.

i 1000	2021	2022	2023	2024
Sum omløpsmidlar 01.01	306 819	326 804	369 855	408 726
Sum omløpsmidlar 31.12	326 804	369 855	408 726	407 735
Endring i omløpsmidlar (A)	19 984	42 151	39 770	-990
Gjeld på kort sikt 01.01.	3 325	38 474	51 435	40 992
Gjeld på kort sikt 31.12.	38 474	51 435	40 992	49 846
Endring i gjeld på kort sikt (B)	-5 216	-12 960	10 443	-8 854
Endring i arbeidskapital (A-B)	14 767	29 190	50 213	-9 844
Arbeidskapital pr 31.12.	288 329	317 520	367 733	357 889

Nøkkeltal frå rekneskapen


Skattedekningsgrad

Syner storleiken på skatteinntektene i høve til driftsutgiftene. Denne får ein fram ved å rekne ut summen av eigedomsskatten, formues- og inntektsskatten og naturressursskatten sin prosentvise andel av driftsutgiftene.




Resultatgrad

Resultatgrad syner kor stor del av brutto driftsresultat som kan nyttast til å dekke anna enn driftsutgifter. Ved å rekne ut brutto driftsresultat sin prosentvise andel av driftsinntektene, får ein slik resultatgrad. (Korrigerer for avskrivningar)



Rente- og avdragstyngd

Rente og avdragstyngd syner kor stor del av brutto driftsresultat (korrigera for avskrivningar) som vert nytta til dekking av renter og avdrag på lån.



Driftsrekneskap-Budsjett

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT

	Note	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023	
1		Rammetilskudd	-22 118 351	-16 034 000	-16 034 000	-15 457 452
2		Inntekts- og formuesskatt	-45 529 363	-46 200 000	-46 200 000	-48 672 204
3		Eiendomsskatt	-56 784 929	-56 700 000	-59 700 000	-60 266 265
4		Andre generelle driftsinntekter	-88 774 599	-51 200 000	-51 200 000	-96 923 724
5		Sum generelle driftsinntekter	-213 207 242	-170 134 000	-164 734 000	-221 319 645
6		Sum bevilgninger drift, netto	204 605 523	200 485 723	146 872 723	136 640 720
7	4	Avskrivninger	26 338 675	26 000 000	26 000 000	26 209 634
8		Sum netto driftsutgifter	230 944 198	226 485 723	172 872 723	162 850 354
9		Brutto driftsresultat	17 736 956	56 351 723	8 138 723	-58 469 290
10		Renteinntekter	-16 832 215	-7 606 000	-7 606 000	-14 344 808
11		Utbytter	-13 765 783	-13 810 000	-8 430 000	-11 353 864
12		Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
13		Renteutgifter	5 260 671	5 691 000	5 691 000	4 788 904
14	7	Avdrag på lån	9 378 812	10 029 000	10 029 000	9 335 101
15		Netto finansutgifter	-15 958 515	-5 696 000	-316 000	-11 574 667
16		Motpost avskrivninger	-26 338 675	-26 000 000	-26 000 000	-26 209 634
17		Netto driftsresultat	-24 560 234	24 655 723	-18 177 277	-96 253 592
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18		Overføring til investering	12 604 620	32 295 000	23 950 000	47 040 399
19	10	Avsetninger til bundne driftsfond	81 010 765	39 100 000	39 100 000	47 593 645
20	10	Bruk av bundne driftsfond	-66 755 151	-89 880 000	-43 095 000	-26 783 625
21		Avsetninger til disposisjonsfond	9 172 277	9 172 277	3 792 277	29 990 155
22		Bruk av disposisjonsfond	-11 472 277	-15 343 000	-5 570 000	-1 586 982
23		Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
24		Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat	24 560 234	-24 655 723	18 177 277	96 253 592
25		Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0
		Differanse mot bokført resultat	0	0	0	0
		Differanse sum bevilqninger drift, netto	0	0	0	0

Kommentarer til bevilgningsoversikten drift.

Generelle driftsinntekter:

Generelle driftsinntekter er kr 43,073 mill over budsjett.

Rammetilskott vart kr 6 mill over budsjett etter inntektsutjamning. Inntekts- og formuesskatten er kr 0,6 mill under budsjett. Eigedomsskatten vart som budsjettert ved budsjettrevisjonen. Andre generelle driftsinntekter er også over budsjett, kr 37,5 mill. Inkludert i tala her er naturressursskatt, konsesjonsavgifter, konsesjonskraft-inntekt og andre overføringer frå staten. Naturressursskatten vart kr 6,1 mill under budsjett. Konsesjonsavgiftane vart kr 4,1 mill høgare enn budsjettert.

Konsesjonsavgiftane vert avsett til næringsfondet. Differansen er på kr 8,1 mill. over budsjett. Budsjett til konsesjonsavgifter på kr 38 400 000 framkommer ikke i budsjett-tal under bevilgningsoversikt drift, og gjev derfor differanse.

Netto finansutgifter:

Renteinntekt netto er høgare enn budsjettert, kr 9,2 mill, og utgjer hoveddelen av budsjettavvik på netto finansutgifter på kr 10,2 mill. Rentenivået har endra seg gjennom året, og vi har ikkje brukt alle midlane som var budsjettert brukt. I tillegg har vi fått høge inntekter. Dette gjer at inneståande sum for renteberekening har vore høgare enn budsjettert. Rente- og avdragsutgiftane er kr 1 mill lågare enn budsjettert.

Disponering av netto driftsresultat:

Det er brukt mindre enn budsjettert av næringsfondet i investeringsrekneskapen. Bruk av disposisjonsfond for overføring til investeringsrekneskapen er mindre enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at enkelte prosjekt ikkje vert gjennomført som planlagt. Totalt avvik på overføring til investeringsrekneskapen er på kr 19,6 mill.

Avsetning til bundne driftsfond er kr 41,9 mill over budsjett. Kr 8,1 mill skuldast meirinntekter i konsesjonsavgifter, og bereknede avsetning renter næringsfond. Netto innbetalt kr 4,4 mill frå utbyggingsavtaler er avsatt til fond. Det er innbetalt kr 30 mill til Rv9 som er satt av til bundne driftsfond, som ikkje var budsjettera.

Bruk av bundne driftsfond er mindre enn budsjettert. Det same gjeld netto bruk av disposisjonsfond. Samla kr 27 mill. Dette skuldast mindre overføringar til investering samt høgare inntekter enn budsjettert.

Sum bevilgningar drift, netto

Det er ein differanse mellom rekneskap og regulert budsjett på bevilgningar drift netto, der rekneskapen viser 4,119 mill kr meir enn budsjett.

Sum bevilgningar drift netto, kr 204 605 523,- vert fordelt ut på einingane, slik: Oversikten viser tal før bruk av og avsetning til fond.

	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
Bevilgning drift, netto budsjettområde 100	5 605 518	6 374 424	6 374 424	5 464 692
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde politisk styre,råd og utvalg	5 605 518	6 374 424	6 374 424	5 464 692
Bevilgning drift, netto budsjettområde 101	101 152 009	105 554 139	58 254 139	76 602 660
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-583 114			
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-5 170 000	-5 170 000	
Sum budsjettområde sentraladministrasjon	100 568 895	100 384 139	53 084 139	76 602 660
Bevilgning drift, netto budsjettområde 200	36 114 285	40 010 316	40 010 316	56 117 822
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde pleie og omsorg	36 114 285	40 010 316	40 010 316	56 117 822
Bevilgning drift, netto budsjettområde 210	15 420 141	20 159 119	17 659 119	
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-1 500 000	-1 500 000	
Sum budsjettområde helsetenesta i Bykle og Valle	15 420 141	18 659 119	16 159 119	0
Bevilgning drift, netto budsjettområde 300	4 326 791	27 280 920	26 780 920	84 030 911
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	27 662 718			
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-2 100 000			
Sum budsjettområde Teknisk drift og eigedom	29 889 509	27 280 920	26 780 920	84 030 911
Bevilgning drift, netto budsjettområde 400	11 297 862	12 009 028	12 009 028	14 994 367
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-200 000	-60 000		
Sum budsjettområde kultur og fritid	11 097 862	11 949 028	12 009 028	14 994 367
Bevilgning drift, netto budsjettområde 500	19 027 156	21 266 218	21 266 218	35 912 560
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Bykle barne og ungdomsskole	19 027 156	21 266 218	21 266 218	35 912 560
Bevilgning drift, netto budsjettområde 510	13 996 498	13 383 961	13 383 961	
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Fjellgardane skule	13 996 498	13 383 961	13 383 961	0
Bevilgning drift, netto budsjettområde 520	12 087 664	14 209 673	14 209 673	

Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Barnehage	12 087 664	14 209 673	14 209 673	0
Bevilgning drift, netto budsjettområde 600	34 003 771	36 657 925	33 344 925	14 216 554
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde Interkommunale samarbeid	34 003 771	36 657 925	33 344 925	14 216 554
Bevilgning drift, netto budsjettområde 700	15 156 916	-96 420 000	-96 420 000	-26 209 635
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-63 384 755	-49 980 000	-3 195 000	
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-940 723	3 392 277	
		-147 340		
Sum budsjettområde Fond, interne overføringer	-48 227 839	723	-96 222 723	-26 209 635
Bevilgning drift, netto budsjettområde 701	-63 583 088	0	0	-124489 211
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	51 010 765	700 000	700 000	
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum budsjettområde skatt, avgift, finans	-12 572 323	700 000	700 000	-124489 211
Sum bevilgninger drift netto	204 605 523	200 485 723	146 872 723	136 640 720
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	14 705 614	-49 280 000	-2 495 000	-1 321 912
Sum netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-2 300 000	-7 670 723	-3 277 723	-1 586 982
Sum budsjettområdene	217 011 137	143 535 000	141 100 000	133 731 826

Samanlikning mot år 2023 er ikkje heilt reell, då det i 2024 er gjort omstrukturering av rekneskapen på grunn av omlegging til nytt økonomisystem og endra organisering/fordeling på kostnadsføring (hvilke ansvar som ligg under eining). Meir-/mindreforbruk som vert omtala er før avsetning og bruk av fond.

Avvik frå revidert budsjett per budsjettområde:

100:Politisk styre, råd og utval har eit meirforbruk på kr 769 000.

Det er høgare forbruk enn budsjettert på møtegodtgjersle og generelle driftskostnader.

101:Sentraladministrasjon har mindreforbruk på kr - 4 402 130.

Innunder sentraladministrasjonen ligg kommunedirektørens stab, HR og organisasjon, planavdelinga, økonomiavdelinga, næringsavdelinga og flyktningetenesta.

Netto løn og sosiale kostnader ligg under budsjett, inkludert lønsrefusjonar, kr 7,2 mill. Dette inkluderar lønsreserve for splitting ut på einingane ved behov. Kjøp av tenester frå andre ligg kr 3,1 mill under budsjett. Tilskott til privat og næringsdrivane er på kr 15 mill over budsjett. Dette gjeld tidlegare løyvde tilskott som er utbetalt i 2024. Tilskudd og refusjonar ligg og over budsjett kr 5,7 mil, og kjøp av tenester ligg kr 5,6 mill under budsjett. Salsinntekter er kr 1 mill under budsjett. Ein må og sjå budsjettavvik i samanheng med at enkelte budsjettposter eller kostnadsføringar ligg under eining 600 interkommunale samarbeid.

200:Pleie og omsorg har eit mindreforbruk på kr 3 896 031.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak meirinntekt brukarbetaling i høve budsjett, samt sjukelønsrefusjonar.

210:Helsetenesta i Bykle og Valle har eit mindreforbruk på kr 4 738 978.

Dette skuldast at budsjettert ekstra refusjon frå Valle kommune ikkje er lagt inn i budsjett, kr 1,6 mill. I tillegg ligg kostand kommuneoverlege under sentaladministrasjonen, medan refusjon fordeling med Valle kommune ligg her. Sykelønnsrefusjon utgjer kr 2,2 mill.

300:Teknisk drift og eigedom, inkl sjølvkost, her eit mindreforbruk på kr 22 954 129.

Tilskudd som er avsett til veg på kr 30 mill gjev positivt resultat. Tek ein omsyn til desse vert det eit meirforbruk på kr 7,46 mill. Sals- og leigeinntekter er kr 1,8 mill under budsjett. Lønnsutgiftane er over budsjett med kr 1,5 mill og kjøp av varer og tenester er kr 4 mill over budsjett. Straum, vedlikehald og driftsavtaler utgjer hovedpostane i meirforbruket iht budsjett .

400:Kultur og fritid har eit mindreforbruk på kr 711 166.

Hovedgrunn til mindreforbruk er lønnsrefusjonar og statlige overføringar som ikkje var budsjettert.

500:Bykle barne- og ungdomsskule har eit mindreforbruk på kr 2 239 062.

Meirinntekter på refusjon frå andre kommuner utgjer kr 1,2 mill, og mindreforbruk på løn kr 1 mill.

510:Fjellgardane skule har eit meirforbruk på kr 631 022.

Dette skuldast i hovudsak ekstra utgifter i samband med flyktningar, (ekstra stilling med auka lønskostnader), samt kjøp av tenester frå andre kommuner.

520:Barnehagane har eit mindreforbruk på kr 2 122 009.

Netto mindreforbruk på løn utgjør kr 0,7 mill. Det er og mindreforbruk på kjøp av varer og tenester kr 0,8 mill samt meirinntekter på brukerbetalinger på kr 0,5 mill.

600:Interkommunale samarbeid har eit mindreforbruk på kr 2 654 154.

Interkommunale samarbeid omfatter mellom anna iks, aksjeselskap, barnevern, nav i tillegg til Bykle sokn. Mindreforbruk skuldast mellom anna at kostnadsføring og budsjettposter ikkje ligg på same budsjettområde.

700/701:Fond, interne overføringer saman med skatt,avgift og finans har saman meirforbruk på 47 993 828. Budsjett for konsesjonsavgift ligg her og gjev differanse på kr 38,4 mill. mindreinntekt. Jfr og budsjettavvik til andre generelle driftsinntekter side 26. Premieavvik gjev ein kostnad på kr 15,1 mill. Refusjon frå andre (utbygging-savtaler) ligg kr 4,9 mill over budsjett. Andre inntekter er 0,6 mill over budsjett.

Investeringsrekneskapen – Budsjett

Bevilgningsoversikt

	Note	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
Investeringer i varige driftsmidler		43 005 599	62 650 000	28 350 000	51 439 389
Tilskudd til andres investeringer		0	0	0	606 639
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper		902 943	885 000	600 000	580 730
Utlån av egne midler		0	0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		43 908 542	63 535 000	28 950 000	52 626 758
Kompensasjon for merverdiavgift		-1 083 168	-1 240 000	-2 850 000	-1 708 400
Tilskudd fra andre		-100 000	0	0	-200 000
Salg av varige driftsmidler		-129 582	0	-2 150 000	-2 654 278
Salg av finansielle anleggsmidler		0	0	0	-1 000
Utdeling fra selskaper		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler		-349 992	0	0	-1 349 992
Bruk av lån		0	0	0	0
Sum investeringsinntekter		-1 662 742	-1 240 000	-5 000 000	-5 913 670
Videreutlån		1 850 000	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån		-1 850 000	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	7	1 022 381	300 000	300 000	642 923
Mottatte avdrag på videreutlån		-713 739	-300 000	-300 000	-315 613
Netto utgifter videreutlån		308 642	0	0	327 310


Overføring fra drift		-12 604 620	-32 295 000	-23 950 000	-47 040 399
Avsetninger til bundne investeringsfond	10	50 178	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	10	0	0	0	0
Avsetning til ubundet investeringsfond		0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond		-30 000 000	-30 000 000	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp		0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger		-42 554 442	-62 295 000	-23 950 000	-47 040 399
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)		0	0	0	0

Det var opprinneleg budsjettet med investeringar i varige driftsmidler med kr 28,3 mill. Revidert budsjett var på kr 62,650 mill når en tok inn ikkje gjennomførte tiltak frå 2023. Rekneskapen viser kr 43 mill, altså en differanse på kr 19,6 mill. mot revidert budsjett. Denne differansen skuldast at planlagde prosjekt ikkje er gjennomført eller ferdigstilt, i hovedsak bygg leiligheter/leige for eige. Leige for eige bygg 1 vart ferdigstilt. Bygg 2 er ikkje starta opp.

Investeringar i aksjer gjeld eigenkapitaltilskott KLP, samt emisjon Agder næringsselskap AS. Budsjett er eit anslag, medan reelt beløp først kommer i løpet av året. Sal av varige driftsmidler er ikkje gjennomført då bustadane er nytta til bustader for flyktningane. Utlån og avdrag på lån gjeld husbankmidlar for vidareutlån.

Mvakompensasjon vert inntektsført i investeringsrekneskapen og nytta til finansiering av dei same prosjekt der kostnaden er bokført. Mindreforbruk investeringar gjev med det mindre mvakompensasjon.

Mindre investeringar gjer at det er trong for mindre overføringar frå drift til finansering.



Fordelt på dei enkelte prosjekt:

	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
Investeringer i varige driftsmidler				
92201 Hovedplan VA	216 000	200 000	8 500 000	5 321 048
92203 VA rehab Nedre Sarv	2 319 424	925 000	625 000	
92205 Hovden Vassverk	924 230	1 000 000		7 464 702
92210 Kommunal bustad / leie for eie	18 154 656	37 350 000	5 600 000	25 973 019
92302 Tometesal/kjøp	2 900 000	2 900 000		
92304 Hovdenuten hytte og sti	753 431	625 000		
92306 tomt Sarvsdammen		625 000		
92401 Hovden langrennsarena	337 456	1 250 000	1 250 000	666 326
92402 Garage rådhus		0	812 500	
92403 Røykebu heimen	268 765	312 500	312 500	
92404 Uteområde Fjellgardane barnehage	735 761	1 250 000	1 250 000	
92406 Lyd lys Hovden grendehus	442 976	750 000	750 000	
92407 Uteområde Bykle skule			187 500	
92408 Grillbu Bykle skule	137 500	187 500	187 500	
92409 Sandvolleybane			250 000	
92410 Utskifting utstyr	1 705 531	2 500 000	2 500 000	1 074 079
92411 Stoler Grendehus	698 134	700 000	625 000	
92412 Inntaksledning Hovden VBA	10 485 988	8 000 000		
92414 Skatehall		1 437 500		
92415 Lys lys data kommunestyresal	1 225 746	2 187 500		
92417 Va stikkledning badeland	1 700 000	1 700 000		
92405 Hovden sentrum			5 500 000	
92305 Undergang rv9 ørnefjell		-1 250 000		
Dagsturhytte				4 954 173
Va undergang hotellkrysset				1 519 200
vaskeri				1 684 494
avtrekk naturfagrom				159 710

Erp ikt Agder	844 569
kontor grendehus	164 081
Leikeplass	1 462 329
Tapsføring	151 659


Sum investeringer i varige driftsmidler	43 005 599	62 650 000	28 350 000	51 439 389
--	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

Som oversikta viser er det prosjekt 92210 Kommunal bustad/ leige for eige som gjev størst differanse mot budsjett med kr 19,1 mill i mindreforbruk. Leige for eige bygg 1 er realisert, medan bygg 2 ikkje er starta opp.

Prosjekt 92412 Inntaksledning Hovden VBA er over budsjett. Inntaksledning er ein del av arbeidet med Hovden vassverk og har gått over fleire år.

Resultat 2024

Samla sett for kommunen har vi følgjande avvik frå budsjett:



Netto lønnsutgifter er kr 4 mill. under budsjett. Deler av desse midlane er nytta til kjøp av varer og tenester, som ligg kr 5,8 mill. over budsjett.

Inkludert i tala er vedlikehald, juridisk og teknisk bistand, serviceavtaler, byggtenester og kjøp frå andre kommuner og foretak. Vakante stillingar har gjort det naudsynt med kjøp av tenester, det har vore en generell auke i pris, noko som gjev overforbruk.

Overføringa, kr 28,3 mill. over budsjett skuldast i hovudsak to områder, merverdiavgiftskompensasjon og næringstilskott. Kostnadene på mvakompensasjon har ein motpost på inntekter, under refusjoner. Mva.kompensasjon utger 13,9 mill. I tillegg kommer utbetaling av løyvde næringstilskott inn her. Desse utgjer kr 11,6 mill. over budsjett. Sosialhjelp og stønad er kr 2,3 mill. over budsjett. Hovudsaken av dette vert dekkja inn ved auka overøfringar frå staten vedrørande flyktningar.

Finansutgifter er under budsjett med kr 12,3 mill. Overføring til investeringsrekneskapen er kr 19,6 mill. mindre enn budsjettet, og avsetning til fond er kr 41,9 mill. større enn budsjettet. Mindreforbruk i investeringsrekneskapen gjer at ein overfører kun til dei tiltaka det er naudsynt å finansiere. Avsetningen til fond gjelder konsesjonsavgifter og renter på næringsfond, utviklingsavtaler kr 4,5 mill samt innbetalte midlar til Rv9 på kr 30 mill.

Sals- og leigeinntekter er kr 0,4 mill. under budsjett.

Refusjon ekskl sjukepengar er kr 25,9 mill over budsjett. Mva.kompensasjon som også er utgiftsført under overøfringar utgjer kr 13,9 mill. Refusjon frå staten er på kr 1,1mill over budsjett som mellom anna gjeld refusjon habilitering som var lågt budsjettet. Refusjon fra andre kommunar kr 4,8 mill.der auka refusjon på grunn av meirforbruk i helsetenesta er medrekna. I tillegg er det refusjon frå private (inkl utbyggingsavtaler) på kr 5,2 mill.

Overøfringar er kr 43,2 mill over budsjett. Innbetalt kr 30 mill til avsetning for rv 9 er største enkeltsum. Konsesjonsavgifter er kr 4 mill over budsjett. Rammetilskott kr 6 mill. Integreringstilskott flyktningar på kr 9,4 mill. er 1 mill. over budsjett.

Finansinntekter inkludert bruk av fond og motpost avskrivningar er kr 26,6 mill over budsjett. Renteinntekter er kr 9 mill over budsjett. Bruk av fond er lågare enn budsjettet på grunn av lågare aktivitet og overøfringar til investeringsrekneskapen. Generelle meirinntekter gjer og at fondsbruk vert lågare enn budsjettet.

Næringsfondet

Næringsfondet har en bunden grunnkapital på kr 20 900 000.

Saldo per 01.01.2024 var på kr 133 931 000. Årets tilførsel består av årets innbetalte konsesjonsavgifter tillagt renter, sum kr 46 522 000.

Bruk av næringsfond i 2024 er på kr 63 834 000 hvorav kr 12 604 000 er nytta til finansiering investeringer, og kr 51 230 000 er nytta til næringstilskott.

Bruk av næringsfond er under budsjett. For overføringar til investeringsrekneskapet skuldast dette at budsjetterte prosjekt ikkje har framdrift som budsjettert. Mindreforbruk næringsfond til investering utgjer kr 19,7 mill.

Næringsfondet har per 31.12.2024 ein saldo på kr 95 719 000 i tillegg til bunden grunnkapital. Desse midlane vert i hovudsak å nytte til dekning egne investeringar.

Avsetning til fond

Årets avsetning til bundne fond:

Kr 30 000 000	Rv9
Kr 42 508 433	Konsesjonsavgift, årets innbetaling
Kr 4 013 580	Beregnete renter konsesjonsavgift
Kr 4 488 752	Utviklingsavtaler

Bruk av fond

Årets bruk av bundne fond:

Kr 583 114	Bruk selvkostfond oppmåling
Kr 2 337 282	Bruk selvkostfond vann og avløp
Kr 63 834 755	Bruk næringsfond

Årets bruk av disposisjonsfond:

Kr 2 000 000	Gang- og sykkelveg Byklebakkane
Kr 300 000	Fond Kultur og fritid

Årets bruk av investeringsfond:

Kr 30 000 000	Delfinansiering investeringer
---------------	-------------------------------



Anna informasjon

Årsmelding frå stab og tenesteeiningar

Sentraladministrasjon

Generelt

1010 Kommunedirektør

Kommunedirektørens stab er organisert slik:

Direkte under kommunedirektøren i tillegg til stabseiningene:
digitaliseringsansvarleg/ beredskapskoordinator, kommunikasjonsrådgjevar,
seniorrådgjevar folkehelse og flyktningarbeid, skule og- barnehage fagleg rådgjevar,
strategisk rådgjevar og juridisk rådgjevar.

Stabseiningar med egne leiarar:

Planavdelinga: byggesak, oppmåling, landbruk/utmark, areal/plan, Gis/geodata

HR – og organisasjon: HR, løn, Politisk sekretariat Post- og arkivtenesta Sentralbord
og publikumsmottak

Økonomiavdelinga: budsjett, rekneskap, innfordring, økonomi, eigedomsskatt.

Næring: administrativ kontaktperson overfor næringslivet, næringsutvikling og næringssaker.

Generelt:

Avdelingane har eigne fagmøter. Det er også fagmøter på tvers av avdelingane, som til dømes planforum. Dei tilsette har i gjennom året vore på ulike kurs for å halde seg fagleg oppdatert innafor sitt fagområde.

Medarbeidarsamtalane syner at arbeidstakarane i stor grad trivast og at arbeidsmiljøet stort sett blir opplevd som godt. Eininga totalt har gode rammer. Den interne arbeidsfordelinga er ikkje heilt avklara enda, slik at i nokre tilfelle ligg budsjettposten på ein stabspost, medan arbeidet utførast på ein annan stabspost. Av den grunn ser ein på økonomien samla for kommunedirektøren sin stab.

Utfordringar:

Rekruttering av yrkesgrupper kan til tider vere krevjande. Det er kamp om kompetansen og vi må kunne skilte med godar av ulike slag for å få personar til å søkje på dei ledige stillingane. Løn er eit av dei godane. I kommunal samanheng er vi konkurransedyktige på løn, men det er vanskeleg å matche det private næringslivet. Bykle kommune har gode velferds- og forsikringsordningar for tilsette.

NAV

Vertskommunesamarbeidet om NAV lokaltjenester for kommunene Vennesla (vertskommune), Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle ble etablert med virkning fra 01.01.2020. Samarbeidet innebærer at de nevnte 6 kommunene har felles NAV kontor, som leverer tjenester for alle de 6 kommunene. Vennesla kommune leverer dermed tjenester innenfor enhetens fagområde for Vennesla samt de 5 samarbeidskommunene som er omfattet av avtalen. De tjenestene som leveres gjennom dette samarbeidet er statlige oppfølgingstjenester (oppfølging av arbeidssøkere / brukere med ulike bistandsbehov), statlige arbeidsgivertjenester (rekrutteringsbistand, omstillingsbistand, oppfølgingsbistand, inkluderingsarbeid) og ulike kommunale tjenester (sosiale tjenester og bostøtte).

Årsrapport frå Nav vert handsama politisk som eiga orienteringssak.

Brynjeprosjektet

Brynjeprosjektet er eit sentralt tiltak i Bykle kommune for å motverke utanforskap og fremje inkludering. Prosjektet byggjer på prinsippa om berekraft, sosial inkludering og lokal verdiskaping. Prosjektet har ei brei og inkluderande tilnærming i arbeidsmetodikk og tiltaka skal femne heile befolkninga.

Nokre av hovudaktivitetane:

Individuell veiledning: Om lag 15 personar fekk oppfølging gjennom året. Det har vore som del av eit tiltak, som oppfølging av lokale sosiale entreprenørar, og bistand til prosjektutvikling.

Arbeidsinkludering: Bykle vaskeri, etablert i samarbeid med Setpro, har vore i drift sidan mars og utfører oppdrag for både institusjonar og privatkundar. Arbeidet med å rekruttere fleire til tilrettelagde arbeidsplassar held fram.

Støtte til ukrainske flyktingar: Gjennom kurs og individuell rettleiing har fleire ukrainarar etablert eigne verksemder med tett oppfølging.

Samarbeid med frivillige organisasjonar: Brynje har samarbeidd med lokale lag som rideklubben og Røde Kors, og har bidrege til prosjekt som Arrangørskulen i samarbeid med Rekordfestivalen.

Utforskningsverkstad for skuleelevar: Eit prøveprosjekt for elevar på 5.–7. trinn gav praktisk erfaring med verktøy og materialar, med svært gode tilbakemeldingar og skal vidareutviklast i 2025.

Byklehagen: Planlegging av eit veksthusprosjekt som skal kombinere arbeidstrening, lokal matproduksjon og berekraftig utvikling.

Brynjeprosjektet har i 2024 vist korleis fleksible og målretta tiltak kan styrke inkludering og sosial berekraft i Bykle kommune. I 2025 vil prosjektet intensivere arbeidet med tverrfagleg samhandling både internt i kommunen og gjennom samarbeid med ulike aktørar i lokalsamfunnet, informasjonskampanjar og samarbeid med NAV og andre aktørar for å nå fleire som står utanfor arbeidsliv og samfunnsliv.

Pedagogisk - psykologisk teneste Setesdal (PPT)

Beskriving av tenestekområde

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune. PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld individuell tilrettelagd undervisning (ITO - tidlegare kalla spesialundervisning) og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §11 og Barnehagelova § 31, og tilrå bruk av ITO / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT skal også arbeide førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp og oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord). Det er to tilsette, ein leiar og ein PP-rådgjevar.

Utvikling

1. Utvikling: Talet på brukarar og vanskeområde:

Stabil utvikling for 2024 med tanke på talet på brukarar totalt sett og nye tilviste brukarar. Bygland med ein auke når det gjeld brukarar, ein svak nedgang for dei 2 andre kommunane.

Det er framleis mange barn / elevar med samansette vanskar i 2024. Samansette vanskar er, som namnet seier, sett saman av to eller fleire vanskeområde. Oftast handlar dette om ein kombinasjon av sosiale / emosjonelle vanskar og fagvanskar / lese- og skrivevanskar. Samansette vanskar er gjerne meir krevjande når eit barn strever på fleire område.

2. Samarbeid med 2. og 3. linjetenestene: Abup, Habu og Stat-Ped:

2-linje-tenestene er viktige samarbeidspartar med PPT. PPT er i stor grad med og utarbeider tilvising av mange born kvart år til vidare utgreiing ved Abup (Avdeling for Barne- og Ungdoms psykiatri) og Habu (Habilitering for barn og ungdom). Fleire av våre brukarar har vore i kontakt med Abup / Habu og har fått ein diagnose som gjerne blir følgd opp lokalt eller i samarbeid med 2. linjetenesta. Det er også tilvist mange nye brukarar til Abup og Habu dette året:

Utfordringar

For 2024 har ein hatt følgjande utfordringar:

- Det har vore ein auke i talet på saker som ikkje har vore ferdig handsama innafor 3 mnd. (frå 7 saker i 2022 til 9 saker i 2023 og 11 saker i 2024). Det er eit mål at alle saker skal bli avslutta med ei sakkunnig vurdering innan 3 mnd. frå ein startar opp saka.
- Ein har ikkje fått gjennomført samlingar i eit spes.ped nettverk for kommunane dette året.
- Det er mange krevjande saker, samtidig som det er store satsingar på samarbeid og ulike løft på fleire område: Kompetanseløftet, Læringsmiljøprosjektet (Bykle kommune), Oppvekstreforma , Agder-modellen, i tillegg til viktige lokale samarbeid i den einskilte kommune.

- I 2024 har PPT Setesdal også vore med i prosjektgruppe for nytt fagsystem for PPT i IKT Agder-samarbeidet. Dette har vore svært omfattande og ressurskrevjande.
- Frå august 2024 vart det innført ny opplæringslov i skulen som har kravd nye / endra malar og ein del tid til å setje seg inn i dei nye paragrafane.

Barnevern

Barneverntenesta er ei interkommunal teneste for Valle, Bykle og Bygland. Barneverntenesta forvaltar etter barnevernlova. Den kommunale barneverntenesta har eit heilskapeleg ansvar for tilbodet til borna som har behov for tiltak etter barnevernlova.

Det er tilsett 1 leiar, 4 barnevernspedagoger og 9 oppdragstakarar i 2024. Det er in auke på 4 oppdragstakarar frå 2023.

Utvikling

Barneverntenesta har eit stort fokus på utvikling av framtidens barnevernstenester hvorav barnevernstenesta skal levere tenester som er naudsynt til born og unge med behov for spesialiserte tiltak. Det er blant anna initiert eit kartlegging for å trede nytteverdien av eit større interkommunalt samarbeid på fosterheimsområde. Det er i tillegg initiert fleire utviklingsoppgåver i læringsnettverket med fokus på fagutvikling og saksbehandlinga i barneverntenesta.

Utfordringar

Setesdal barnevern er ei lita teneste noko som gir ein større sårbarheit og tildels større risiko ved fråver av personell. Det kan til tider vere høg arbeidsbelastning på enkelte tilsette. Det er difor viktig å ta i bruk nye løysingar som kan effektivisere arbeidsprosessane. Spesielt gjeld dette nye digitale løysingar og faglege plattformer.

Status tiltak og resultatoppnåing

Det har vore eit sterkt fokus på å overhalde fristar og lovkrav etter barnevernslova. Det skal gjenspeilast i tala som publiserast i løpet av mars 2025. Det har i tillegg vore eit fokus å implementere barnevernfagleg kvalitetssystem i tenesta for å sikre tilstrekkeleg kompetanse og meir effektiv ressursbruk/saksbehandling. Det er også vore eit fokus på å implementere handlingsretteleiar og gjere denne kjent. Dette er eit arbeid som vidareførast i 2025. Det er gjennomført internrevisjon og stikkprøvekontroll av leiar samt oppdatering av internkontrollrutinane. Det er planlagt ny gjennomgang ifm overgang til nytt fagsystem.

Status sjukefråvær og HMS

Det er eit høgare sjukefråvær ein måltal. Samstundes er SBV ei lita teneste der korte fråvere frå få personar kan gjeve høg statistikk.

Ikkje nødvendig med konkrete tiltak, men det er generelt eit fokus på arbeidsmiljøtiltak samt at dei tilsette skal trivast på arbeidet.

Kommentar til status økonomi

Det har vore eit underforbruk i barnevernstenesta i Bykle kommune. Dette heng saman med nedgong i antal sakar, men vore noko overforbruk på drift. Årsaka til overforbruket på drift er høgare lønsauke for stillingskodane i barnevernstenesta enn det som er budsjettera samt investering i nye pc-ar og kontorutstyr som var nødvendig.

Oppsummering tiltak

Setesdal barnevern går inn i 2025 med ei vakant stilling for å ujamne driftsunderskotet frå ifjor. Det er også sagt opp lisensar som ikkje lenger er nødvendig for å levere ei god teneste.

Årsrapport frå samarbeid barnevern vert handsama politisk som eiga orienteringssak.



1020 HR og organisasjon

HR- og organisasjonsavdelinga består av sju tilsette i full stilling. Avdelinga har ein sentral funksjon i rådhuset og organisasjonen, med ansvar for å betene kommunens innbyggjarar og besøkande. I tillegg utfører ei rekke administrative oppgåver og yter intern støtte og rådgiving til leiinga og tenesteeiningane i kommunen.

2024 har vore eit år prega av læring og tilpassing for HR- og organisasjonsavdelinga. Vi ser fram til å bygge vidare på dei digitale løysingane og å skape ein arbeidsplass der tilsette trivst og utviklar seg. Framover vil vi fokusere på å

vidareutvikle strategiar for medarbeidarengasjement, styrke vår digitale kompetanse og sikre ein berekraftig og inkluderande arbeidsplass.

1040 Plan

Planavdelinga er ansvarleg for fleire viktige tenester innan arealforvaltning og regulering i kommunen. Avdelinga handsamar med anna saker som gjeld:

- Arealforvaltning
- Vassdrags- og utmarkssaker
- Plan- og byggjesaker
- Kart og oppmåling
- Landbruk, vilt, og naturvern
- Eigedomsförvaltning og matrikulering
- Motorferdsel i utmark
- Veglov

Avdelinga er ansvarleg for kommunens eigenplanlegging og for alle sakshandsaming dei delegerte særlovområda. Sakshandsaminga inneber både administrative vedtak og å førebu saker til politisk handsaming og avgjerd. I 2024 leverte planavdelinga følgjande saksmengd til planutvalet:

- 327 delegerte saker
- 160 politiske saker
- 50 referatsaker

1050 Næring

Næringsavdelinga har eit langsiktig perspektiv på forvaltning av kommunen sine ressursar, og skal fremje næringsutvikling slik at den skjer på ein måte som tek omsyn til natur, miljø og innbyggjarar og lokale tilhøve.

Næringsavdelinga har arbeidd med høgt aktivitetsnivå i 2024, til tross for bemanningsendringar og redusert bemanning i delar av året.

1060 Folkehelse- og flyktningekoordinator

Flyktningtenesta har fire tilsette som til saman utgjer om lag 2,4 årsverk. Tenesta har ansvar for ei rekke lovpålagde oppgåver knytt til busetting og oppfølging av flyktningar. Det er tett samarbeid med andre kommunale einingar, frivillige organisasjonar og statlege instansar for å sikre gode tenester for flyktningane.

Sårbarheita i tenesta er stor, og sjukdom og permisjonar fører til auka arbeidsbelastning på dei attverande tilsette. For å redusere sårbarheita har vi utvikla detaljerte rutinar for dei viktigaste oppgåvene

Utfordringar og strategi

1020 HR og organisasjon

Utfordringar:

I 2024 har avdelinga møtt fleire utfordringar, spesielt knytt til høgt frávær blant dei tilsette. Dette har resultert i mykje ad hoc-arbeid og kravd kontinuerleg prioritering av oppgåver. Sårbarheita blir særleg merkbar når berre ein eller to tilsette har spesialisert kompetanse på enkelte område. Dette har ført til:

- **Kompetansesårbarheit:** Når berre ein til to tilsette har spesifikk kompetanse på enkelte oppgåver, blir avdelinga svært sårbar ved frávær. Dette har gjort det nødvendig å prioritere oppgåver strengt og ofte på kort varsel.
- **Leiarens prioriteringar:** Naudsynt prioritering av sakshandsaming har ført til redusert tida til oppfølging og leiing av avdelinga. Dette har påverka moglegheita til å gi nødvendig støtte og rettleiing til dei tilsette.
- **Arbeidspress på tilsette:** Prioritering av lønsoppgåver har ført til innleige av hjelp frå Evje og Hornnes kommune for å handtere arbeidsmengda. Dette har resultert i auka arbeidspress på enkelte tilsette.
- **Opplæring i nye system:** Avdelinga har brukt mykje tid på opplæring i nye system innan HR og løn, for å sikre at alle tilsette er oppdaterte på dei nyaste verktøya og prosessane.

Strategiske tiltak:

For å møte desse utfordringane har avdelinga implementert følgjande tiltak:

- **Bemanning:** Tilsetting i ledige stillingar og innleige av konsulentar for å sikre tilstrekkeleg bemanning. Det har likevel vore utfordrande å dekke alle oppgåvene med dei tilgjengelege ressursane.
- **Kompetanseutvikling:** Gjennomføring av e-læring og kurs for å styrke kompetansen blant tilsette, slik at dei kan handtere fleire oppgåver effektivt.

- **Digitalisering:** Innføring av digitale verktøy for å forbetre arbeidsflyten og kommunikasjonen. Dette har vore avgjerande for å handtere mange oppgåver med få tilsette.

I 2024 har målretta arbeid gjeve resultat. Arbeid med kompetanseutvikling har resultert i auka kompetanse blant dei tilsette. Innføring av digitale løysingar innan HR og lønn har effektivisert arbeidsprosessane, og medarbeidarundersøkinga viser høg trivsel blant dei tilsette.

1030 Økonomi

Fokus i 2024 har vært

Levere lovpålagte rapporter innenfor avtalt tid

Avslutte Agresso og omlegging til nytt økonomisystem Xledger

Starte opp med Framsikt for budsjett 2025

Budsjettkontroll per måned, oppfølging enhetene

Utarbeide årshjul økonomi inkl lønn

Utarbeide nye og oppdatere eksisterende rutinebeskrivelser

Utfordringer

Å bli superbrukere på nytt økonomisystem har vært krevjande. Opplæring internt saman med innføring av nytt økonomisystem og opplæring av brukarane ute har vært krevjande. Det er krevjande å sette av tid tid opplæring samtidig som ein er i drift og skal levere tenester.

1040 Plan

Planavdelinga har ansvar for ei rekkje særlovsforvaltingar, som krev prioritering på grunn av strenge fristar for sakshandsaming. Høgt fråvær har ført til at det har vore nødvendig å kjøpe tenester eksternt for å oppretthalde kapasitet og kompetanse.

Tenestekjøp har vist seg effektive i høve til både kvalitet og kapasitet, men er kostnadsdrivande samanlikna med faste stillingar. På grunn av lovfesta fristar er det rapportert eit overforbruk i forhold til driftsramme og budsjett.

Rekruttering av kompetente fagfolk er utfordrande, og avdelinga arbeider kontinuerleg med å sikre kvalitet gjennom faste tilsette og eksternt tenestekjøp.

For å sikre kvalitet og oppdatert kompetanse i tenesta må dei tilsette halde seg fagleg oppdatert innanfor ei rekke fag- og lovområde. Planavdeling jobbar difor kontinuerleg med kompetansetiltak gjennom kurs og samarbeid med eksterne kompetansemiljø.

1050 Næring

Til trass for nasjonale trendar som dreg folk og arbeid ut av distrikta, så står det bra til med arbeidslivet i Bykle. Det er høg sysselsetting og deltaking i arbeidslivet, men lønsnivået er noko lågare enn snittet i landet.

Bykle har ein større del tilsette i privat sektor enn snittet på Agder. Det arbeider flest innanfor bygg og anlegg, overnatting, servering, varehandel og produksjonsverksemdar. Store delar av næringslivet er knytt til utbygging og vedlikehald av fritidsbustader, og tenester og handel innanfor reiseliv, treindustri og vasskraft.

Servicenæringane har tradisjonelt hatt varierende lønsemd og har vore sårbare for konjunktursvingingar. Dei verksemdene som primært er retta mot den lokale marknaden har generelt eit avgrensa vekstpotensial.

Proessen med strategisk næringsplan skapte eit godt kunnskapsgrunnlag om næringslivet sine behov og ønskje. Som opptakt til å ta opp att arbeidet med næringsplan gjennomførte vi ein temadag med eit ekspertpanel for å få gode råd om korleis ein bør innrette næringsarbeidet framover. Mykje av dette blir teke inn i planforslaget m.o.t. organisering og fokus framover.

Næringsavdelinga arbeider no med kunnskapsgrunnlaget for å definere og konkretisere aktuelle strategiar for korleis kommunen bør innrette sitt næringsutviklingsarbeid framover. Målet er å understøtte ønskje om vekst, verdiskaping og auka lønsemd. I dette ser ein både på talgrunnlag frå lokalt næringsliv og tilfang av ekstern kunnskap om organisering og verkemiddelbruk som

optimaliserer effekten av samla innsats. I samband med utforming av revidert plandokument vil ein arrangere politiske verkstader. Målet med verkstadene er å peike ut satsingsområde og gjere prioriteringar, og få ein gjennomgang av retningslinjer for bruken av næringsramma for komande år

1060 Folkehelse- og flyktningskoordinator

Endringar i lovverk: Krigen i Ukraina har ført til fleire endringar i integreringslova og tilhøyrande forskrifter. Dette skaper usikkerheit for flyktingane og gir meirarbeid for Flyktingtenesta. Hyppige lovendringar gjer det vanskeleg å planleggje langsiktig, og interne rutinar må stadig reviderast.

Strategi: Flyktingtenesta har faste vekemøte der vi fordeler oppgåver og diskuterer saker. Gjennom godt samarbeid internt og med andre tenester, sikrar vi at flyktingane får dei tenestene dei har krav på. Vi deltek på seminar og følgjer med på informasjon frå regjeringa, UDI og IMDi for å halde oss oppdatert på regelverket.

Arbeid med flyktingane: Det første året etter busetting er spesielt ressurskrevjande. Bustader må klargjerast, og ulike tenester må informerast og involverast. Vaksne flyktingar må kartleggast, og eit individuelt introduksjonsprogram skal utformast. Målet er å få flest mogleg ut i arbeid, då dette fremjar integrering og trivsel. Språkmeistring er avgjerande for jobbmoglegheiter, men Bykle er ein liten kommune med avgrensa tilbod.

Strategi: Gjennom grundig kartlegging og tilpassa introduksjonsprogram, gir vi flyktingane eit godt grunnlag for integrering og jobb. Vi har utvikla internrutinar og sjekklistar for å sikre at flyktingane får dei tenestene dei har krav på. God kommunikasjon med andre tenester er avgjerande for å sikre eit godt tilbod.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

1020 HR og organisasjon

HR- og organisasjonsavdelinga yter tenester etter ei rekke lovar og føresegrer. Avdelinga har eit breitt spekter av oppgåver som støttar kommunens overordna mål og strategiar slik desse er definert i kommuneplanens samfunnsdel:

- **HR:** Rekruttering, personaladministrasjon, systemvedlikehald, kompetanseutvikling, arbeidsmiljø og trivsel, strategisk HR, HMS, sjukefråværsoppfølging, samarbeid med tillitsvalde, verneombod og bedriftshelsetenesta, samt rådgiving om lov- og avtaleverk.
- **Løn:** Lønsutbetaling, lønsberekning, rapportering, oppfølging av regelverk, dokumentasjon og arkivering, rådgiving og systemvedlikehald.
- **Politisk sekretariat:** Støtte til politiske organ som kommunestyret, formannskapet og andre utval, inkludert førebuing, gjennomføring og etterarbeid av møter, samt rettleiing og informasjon til folkevalde.

- **Post- og arkivteneste:** Handtering av innkommande og utgåande post, arkivering av dokument, og sikring av trygg og systematisk lagring av dokumentasjon.
- **Sentralbord og publikumsmottak:** Mottak av publikum, rettleiing av innbyggjarar, svar på spørsmål og vidareformidling av førespurnader.
- **Andre oppgåver:** Forvaltning av kommunens nettsider og sosiale kanalar, sakshandsaming av utdanningsstipend, husbanklån, startlån, alkohollovgiving, kommunale avgifter og eigedomserklæringer.

1030 Økonomi

Økonomiavdelinga har 3 tilsette, og yter i størst grad tenester internt i organisasjonen.

Økonomiavdelinga dekker følgende hovedoppgaver:

Budsjett, utarbeide budsjett for kommunen

Regnskap, levere regnskap for kommunen samla

Økonomi – leverandør og kunderskontro inkl fakturering og innfordring

Eigedomsskatt

Kontroll og oppfølging enhetene

Opplæring

Avdelinga utfører også tenester for Bykle sokneråd og Setesdal IKT (under avvikling).

1040 Plan

Planavdelinga jobbar etter målsettingane i kommuneplanens samfunnsdel, og i samsvar særlovgjeving, og nasjonale og regionale planar og prioriteringar. Avdelinga er og ansvarleg for å effektivisere politiske vedtak om plan- og utviklingstiltak.

Planavdelinga har i 2024:

- Handsama 236 søknadar om byggjetiltak, dispensasjonar og grunneigedomar
- Gjennomført 19 tilsyn innan byggesak
- Vedteke 3 reguleringsplanar og handtert fleire klager og motsegner
- Behandla 14 rekvisisjonar om oppmålingsforretningar og 1 seksjoneringssak

Planavdelinga har òg arbeidd med viktige samfunns- og infrastrukturprosjekt, som:

- Avdelinga har medverka til og koordinert ulike arrangement; påskemøte, Villrein og viking, Vi har gjennomført mange temadagar og arbeidsverkstader i samband med arbeid med ny samfunnsdel av kommuneplan.
- Ny samfunnsdel av kommuneplan vart vedteken.
- Planprogram for arbeid med ny arealdel var ute til høyring og vart godkjent i 2024.
- Arbeid med utbyggingsavtaler og løypeavtaler held fram.
- Rundkøyringa ved Hotellkrysset – Skisentervegen – RV 9 vart opna.
- Dagsturhytta på Hovdenuten vart opna
- RV9 parsellen Byklestøylane – Hoslemo vart opna
- Arbeidet med gs-veg i Øyrviksbakkane starta opp.
- Vi gjennomførte temadag villrein i samband med Heiplansamlinga på Hovden.

I tillegg har vi arbeidd mykje med, RV 9 i regi og samarbeid med Statens Vegvesen og mindre tilrettelegging for massetak, arbeid med sideterreng langs vegen, plan for Tykkås næringsområde og ulike planarbeid relatert til næringsverksemdar og avklaring av lokalisering/ arealbruk, og ikkje minst ein brei medverknadsprosess for utvikling av Hegni før planforslag vart lagt ut til ny 1.gongs høyring.

Stadutviklingsprosjektet i Bykle kom i gong.

Damforsterkingar av sidedammar Botsvatn vart godkjent

I alt 3 nye reguleringsplanar vart vedteke; Vidsyn løype og skibru, H15 Hovden aust, Hovden badeland. Det var 14 saker med godkjenning mindre endringar/ forenkla prosess knytt til m.a. Hovden sentrum og H2 og H3 Hovden aust, tilkomstveg dagparkering sør – renovsjonsbu, Dyregrenda sør, og øvre Hovden alpin lodge, Vestbakken hyttefelt, og Øvre Geiskelid, føresegner Byklestøylane – Harteavatn, endra tilkomstveg Fjellgardane skule, gang- og sykkelveg Byklebakkane, og det vart meldt planoppstart for turveg Harteavatn. Planforslag Badstogdalen vart avvist ved 2.gongs handsaming.

Det er òg etablert samarbeid der NMBU ser på ulike prosjekt og tema for masteroppgåver og tverrfagleg forskingsarbeid relatert til Bykle. Det har vore gjennomført siste året av feltsesong med NiBio for kartlegging av utmarksbeite. Dette blir eit godt kunnskapsgrunnlag i vidare arbeid med landbruksplan.

Både Agder fylkeskommune og Distriktssenteret har ytt oss fagleg nettverksarbeid og rettleiing.

1050 Næring

Næringsavdelinga jobbar etter målsettingane i kommuneplanens samfunnsdel, og i samsvar med nasjonale og regionale planar og prioriteringar.

Kommunen sin næringsramme vert nytta til investerings- og etablerarstøtte, til arrangementsstøtte og støtte til ulike selskap som har ei utviklarrolle i og for kommunen.

Det er generelt høgt aktivitetsnivå og høge forventingar om økonomiske bidrag frå kommunen for å understøtte aktivitet som direkte eller indirekte gjev positive synergjar for næringslivet og lokalsamfunna i kommunen.

Næringsavdelinga har vore gjennom bemanningsendringar og har hatt redusert bemanning i delar av 2024. Samstundes har det vore høgt aktivitetsnivå innafor tilgjengelege mannskapsressursar.

Ein har og ytt støtte til forprosjekt som Drivhuset, og infrastrukturtiltak som gang-sykkelveg/sykkelvegar som det har opna seg moglegheiter for å realisere i samband med riksveg 9 utbygginga i 2024.

ENØK-støtteordningane har kravd tilnærma all tida til næringsrådgjevar, medan konstituert leiar har teke fortløpande sakshandsaming på næringssaker. Det vart rekruttert inn ein ny stillingsressurs som rådgjevar i avdelinga hausten 2024. I oppstarten er denne stillinga dedikert til slutføring av strategisk næringsplan og gjennomgang av lokale retningslinjer og regelverk for næringsstøtte.

I 2024 har vi oppretta ny «spiremiddelordning» som lågterskel etablerarstøtte. Vi arbeider og med å tilby eit kompetanseprogram for Ukrainarar og lokale etablerarar. Det er og gjennomført kurs for miljøsertifisering av private verksemdar.

Næringsavdelinga følgjer opp politisk leiing i høve tilrettelegging for bedriftsbesøk og har dialog med privat næringsliv i konkrete saker. Ein har òg deltatt på arrangement i regi av næringslivet når det har vore mogleg.

I 2024 vart Brynjeprosjektet sett i gong. Det er nyttig med fortløpande avklåringar av grensesnittet og samhandling mellom prosjektet og næringsavdelinga sitt arbeid som 1.line og lågterskel tilbod for næringsutvikling.

Næringsrådgjevar representerer kommunen i Grøn Jyllandskorridor-prosjektet og i regionalt næringsforum i regi av Setesdal interkommunalt politisk råd (SIPR). Kommunen har mange hytte-Byklarar.

Hyttefolket kan ha potensiale og ressursar til å medverke til etableringar og nye næringar lokalt.

1060 Folkehelse- og flyktningekoordinator

Flyktningtenesta arbeider etter målsettingane i kommuneplanens samfunnsdel, og i samsvar med integreringslova og tilhøyrande forskrifter. Gjennom systematisk arbeid og gode rutinar har vi utnytta ressursane godt i 2024. Bykle kommune tilbyr eit

omfattande tenestetilbod, men ved behov nyttar vi løysingar frå Agder FK for å sikre at flyktningane får dei tenestene dei har krav på.

Nøkkeltal for 2024

- Flyktningar mottekne: 11
- Busette flyktningar: 10
- Deltakarar i introduksjonsprogrammet: 37
- Deltakarar som har fullført introduksjonsprogrammet: 24
- Deltakarar i arbeid eller utdanning etter introduksjonsprogrammet: 14 av 24

Aktivitetar og tiltak

- **Introduksjonsprogrammet:** Alle som har rett til introduksjonsprogram har søkt og fått innvilga dette.
- **Bustadtiltak:** Alle busette flyktningar har fått tilbod om å leige bustad av kommunen.
- **Helse og velferd:** Behovet for helsetenester, spesielt psykisk helse, har auka i 2024. Flyktningar som har vore eksponerte for krig, har større behov for helsetenester. Auken i sosiale ytingar har påverka sosialhjelpsbudsjettet.
- **Integreringstiltak:** Flyktningane har tilgang til dei same tenestene som andre innbyggjarar. Informasjon blir omsett til ukrainsk, og flyktningane blir oppmoda til å delta i frivillige aktivitetar.
- **Aktivitetar:** Flyktingtenesta oppmodar flyktningane til å delta i frivillig arbeid og arrangerer aktivitetar som skidag og tur til dyreparken i Kristiansand. Flyktningane blir informert om lokale arrangement og oppmoda til å engasjere seg.

Helse og omsorg



Pleie- og omsorgstenesta

Generelt

Pleie- og omsorgstenesta omfattar: praktisk bistand, heimehjelp, dagaktivitetstilbod, matombringning, tryggleiksalarm, avlastning, helsetenester i heimen, dagopphald og institusjonsopphald, samt velferdsteknologi, kommunale bustader for helse- og omsorgsformål m.v.

Tenesta er organisert i tre avdelingar: sjukeheim, heimebaserte tenester og habilitering.

Utfordringar og strategi

Rekruttering og bemanning

- Rekruttering og bemanning med rett kompetanse
- Lite tilgang på tilkallingsvikarar
- Fleire over 80 år krev auka teneste- og omsorgstilbod.
- Behov for tiltak som legg til rette for at folk kan bu heime lenger.
- Auka tal sjuke og tidlegare utskriving frå sjukehus krev meir avansert pleie.
- Nye digitale løysingar må implementerast for meir effektiv drift.

Auke i eldre befolkning

- Fleire over 80 år krev auka teneste- og omsorgstilbod.
- Behov for tiltak som legg til rette for at folk kan bu heime lenger.

Endra pasientbehov

- Auka tal sjuke og tidlegare utskriving frå sjukehus krev meir avansert pleie.

Digital transformasjon

- Nye digitale løysingar må implementerast for meir effektiv drift.

Strategiar

Strategiane skal møte utfordringane og sikre økonomisk berekraftige pleie- og omsorgstenester med rett kvalitet til innbyggjarane i Bykle kommune.

Rekruttering og bemanning:

Tiltak: Utvikle attraktive rekrutteringskampanjar og samarbeide med utdanningsinstitusjonar for å tiltrekke seg nyutdanna. Tilby konkurransedyktige lønns- og arbeidsvilkår for å behalde eksisterande tilsette.

Mål: Redusere behovet for overtid og vikarar, og sikre stabil bemanning med høg fagkompetanse.

Auke i talet på eldre:

Tiltak: Implementere førebyggjande tiltak som helsefremmande heimebesøk og tilrettelegging av bustader. Styrke heimebaserte tenester for å hjelpe eldre å bu heime lengst mogleg.

Mål: Redusere presset på institusjonsplassar og sikre at eldre får nødvendig støtte i eigen heim.

Auka behov for tenester:

Tiltak: Heve kompetansen til tilsette gjennom kontinuerleg opplæring og fagleg utvikling. Bruke tverrfaglege team for å møte komplekse behov.

Mål: Sikre høg kvalitet på tenestene og møte dei aukande behova på ein effektiv måte.

Demografiutfordringar:

Tiltak: Gjennomføre ei grundig analyse av tenestebehov og ressursbruk. Prioritere tiltak som gjev høgast verdi for brukarane og kommunen.

Mål: Oppretthalde kvaliteten på tenestene og sikre berekraftig drift på lang sikt.

Digital transformasjon:

Tiltak: Investere i og implementere nye digitale løysingar som kan effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestetilbodet. Tilby opplæring i bruk av ny teknologi til tilsette.

Mål: Auke effektiviteten og kvaliteten på tenestene gjennom bruk av teknologi.

Sjukefråvær:

Tiltak: Styrke oppfølgingsarbeidet og tilrettelegginga for tilsette med høgt sjukefråvær. Tilby helsefremmande tiltak og støtteordningar for å betre arbeidsmiljøet.

Mål: Redusere sjukefråværet og auke trivselen blant tilsette.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Pleie- og omsorgstenestene i kommunen vert ytt i samsvar med helse- og omsorgstenestelova, samt ein rekke særlovar, retningslinjer og rundskriv. Lovverket set standardar for tenestene og beskyttar rettighetene til pasientane.

Tenestetilbod

- Tilbodet omfattar eit breitt spekter av pleie- og omsorgstenester til innbyggjarane.
- Fokus på individuell tilpassing og kvalitet.

Forhold til overordna planverk

- Pleie- og omsorgstenestene er i tråd lovverket, og nasjonale og regionale helseplanar.
- Pleie- og omsorgstenestene er forankra i kommuneplanen, som er det overordna styringsdokumentet for kommunen og legg føringar for utviklinga av helsetenestene. Tenesta arbeider systematisk for å nå måla i kommuneplanen og sikre at tenestene bidrar til å oppnå kommunen sine langsiktige mål om helse og velferd.
- Pleie- og omsorgstenestene jobbar kontinuerleg med evaluering og tilpassing av tenestetilbod for å møte endra behov og krav.
- Arbeid med helseplanar og strategiar for betre tilgjengelegheit, rekruttering og utvikling av nye tenester.
- Bruk av folkehelseoversikta for planlegging og prioritering. Folkehelseoversikta er eit viktig verktøy for å forstå helsetilstanden til innbyggjarane og identifisere faktorar som påverkar folkehelsa. Pleie- og omsorgstenesta har fokus på førebyggjande tiltak som helsefremmande heimebesøk og tilrettelegging av bustader. Dette er i tråd med folkehelsestrategien som vektlegg på førebygging og helsefremjande arbeid.

Gjennom strategiske tiltak og tett samarbeid med relevante aktører, arbeider Bykle kommune for å sikre berekraftige tenester med god kvalitet til innbyggjarane.



Helsetenesta i Bykle og Valle

Generelt

Helsesamarbeidet mellom Bykle kommune og Valle kommune har ansvar for helsetenester til innbyggjarane og personar som oppheld seg i kommunane. Helsetenesta omfattar førebygging, utgreiing, diagnostisering, behandling og tilrettelegging for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne. I tillegg skal ein fremje sosial tryggleik og betre levekåra for vanskelegstilte. Tenestene skal vere forsvarlege og ha god kvalitet.

Helsetenesta har fokus på samhandling for å bidra til god folkehelse, førebyggjande tenester og samanhengande behandlingssløp. Avdelinga har ein administrativ leiar i tillegg til fagpersonar med ansvar for drift og utvikling av fagområda.

Tenesta omfattar kommuneoverlege, fastlege, legevakt, fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjon, skulehelseteneste, rus- og kriminalitetsførebygging (SLT), psykisk helse og familiestøtte.

Utfordringar og strategi

Helsetenesta står ovanfor eit samansett utfordringsbilete som både har faglege og økonomiske konsekvensar.

Geografiske forhold

- Spreidd busetnad krev fleire helsehus for å sikre likeverdig tilgang til tenester.
- Lange avstandar og avgrensa transporttilbod gjer det utfordrande å rekvirere pasienttransport og meir krevjande for innbyggjarane å nå helsetenester.
- Lang avstand til spesialisthelsetenesta gjer at meir må løysast lokalt. Dette set høgare krav til kompetanse, medisinsk-teknisk utstyr og innhald i tenestene.

Ressursavgrensingar

- Rekruttering av fagpersonar er ei stor utfordring, og mangel på vikarar fører til meirarbeid for fast tilsette.
- Stort fråvær har belastande økonomiske konsekvensar og gjer det vanskeleg å oppretthalde ei stabil teneste.
- Auka pasientbehov og tidlegare utskriving frå sjukehus krev høgare kompetansenivå og fleire personalressursar.
- Demografiutfordringar gjer at tenestene må utviklast for å vere berekraftige.

Strategiar

Helsetenestene må tilpasse og utvikle seg for å møte utfordringsbiletet. Endringar og tøffare prioriteringar vil tvinge seg fram for å oppretthalde kvaliteten på tenestene utan ein betydeleg auke i kostnadane.

Forbetra tilgjengelegheit

- Styrke digitale helsetenester for betre tilgang og effektivitet.
- Vidareutvikle transporttenester for auka pasienttilgjengelegheit.

Rekruttering og kompetanse

- Aktiv rekruttering og samarbeid med utdanningsinstitusjonar.
- Tilby vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette.
- Tilpasse bemanning og oppgåvedeling for ein meir robust organisasjon.
- Styrke samarbeid med andre kommunar og helseføretak for betre ressursutnytting.
- Intern samhandling for optimal bruk av kompetanse og kapasitet.

Samarbeid

- Styrke samarbeid med andre kommunar og helseføretak for betre ressursutnytting.
- Intern samhandling for optimal bruk av kompetanse og kapasitet.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Helsetenestene i kommunen vert ytt i samsvar med helse- og omsorgstenestelova, samt ein rekke særlovar, retningslinjer og rundskriv. Lovverket set standardar for tenestene og beskyttar rettigheitene til pasientane.

Tenestetilbod

- Helsetenesta tilbyr eit breitt spekter av primærhelsetenester, spesialisthelsetenester og rehabilitering.
- Individuelt tilpassa tenester med vekt på brukarmedverknad og kvalitet.

Forhold til overordna planverk

- Helsetenestene er i tråd lovverket, og nasjonale og regionale helseplanar.
- Helsetenesta er forankra i kommuneplanen, som er det overordna styringsdokumentet for kommunen og legg føringar for utviklinga av helsetenestene.
- Helsetenestene jobbar kontinuerleg med evaluering og tilpassing av tenestetilbod for å møte endra behov og krav.
- Arbeid med helseplanar og strategiar for betre tilgjengelegheit, rekruttering og utvikling av nye tenester.
- Bruk av folkehelseoversikta for planlegging og prioritering. Folkehelseoversikta er eit viktig verktøy for å forstå helsetilstanden til innbyggjarane og identifisere faktorar som påverkar folkehelsa.



Teknisk drift og eigedom

Generelt

Eininga er organisert i tre fagområde med følgjande ansvar:

1. **Bygg og eigedom:** Drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale formålsbygg, anlegg og kommunale bustadar.
2. **VA og veg:** Drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale VA-anlegg og vegar.
3. **Reinhald:** Ansvar for reinhald av kommunens formålsbygg.

Eininga skal sikre effektiv tenesteproduksjon, leveranseprosessar og ressursbruk både for eksterne og interne brukarar.

Utfordringar og strategi

Teknisk drift og eigedom dekker eit breitt fagfelt, og dette medfører fleire utfordringar på tvers av dei ulike områda. Det er likevel nokre felles utfordringar som har prega arbeidet i 2024:

- **Stadig fleire oppgåver og ansvarsområde:** Nye krav og retningslinjer frå myndigheitene kjem regelmessig, og det kjem òg nye oppgåver som må takast høgde for i den kommunale drifta.
- **Trongare økonomi grunna prisvekst:** Den generelle prisauken i samfunnet har òg påverka Bykle kommune. For Teknisk drift og eigedom gjorde det seg spesielt gjeldande innan materialkostnader og straum
- **Administrativ kapasitet:** Den administrative kapasiteten har vore ein utfordring i 2024, som tidlegare år. Det har vore krevjande å følgje opp både drift og prosjekt.
- **Stor bygningsmasse og VA-anlegg:** Bykle er ein liten kommune i høve til innbyggartal, men grunna fritidsbustadar og hyttebyklarar er det ein relativt stor bygningsmasse og eit VA-anlegg på størrelse med ein liten by.

I verksemdsplanen for 2024 vart det definert fire hovudmål som òg fungerer som ein strategi for å møte desse utfordringane:

- Fokus på redusert sjukefråvær og auka trivsel.
- Effektivisering gjennom innovasjon og digitalisering.
- God og effektiv tenesteproduksjon for både interne og eksterne brukarar.

- Delta i den heilskaplege samfunnsutviklinga i Bykle.

Eininga hadde òg fire satsingsområde med eigne tiltak for å nå desse måla:

- Trivsel og utvikling
- ENØK
- Digitalisering
- Kommunale bustadar

Arbeidet i 2024 har ført til gode resultat, og det har blitt gjort store framsteg på fleire område:

- Sjukefråværet gjekk ned frå 6,67 % i 2023 til 5,91 % i 2024.
- Dei fleste prosjekta blei gjennomført innanfor dei økonomiske rammene, og unntaket var berre eitt prosjekt.
- Drift har vore effektiv, og det blei brukt mindre pengar enn budsjett.
- Nye dataprogram har effektivisert den administrative kvardagen.
- Robotklypparar er kjøpt inn for å effektivisere arbeidsdagen for driftspersonell.
- Straumforbruket gjekk vidare ned i 2024 samanlikna med 2023.
- Tiltak for kommunale bustadar er ikkje fullt ut gjennomførte, grunna at bustadene er i bruk som følgje av mottak av flyktningar.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Eininga har ansvar for den daglege drifta og oppfølginga av kommunens bygg og anlegg, vass- og avlaupsanlegg, kommunale vegar, reinhald og relevante prosjekt innan desse områda.

Det er mange nasjonale og lokale retningslinjer som må takast omsyn til. Dei viktigaste styringsdokumenta er:

Nasjonale styringsdokument	Lokale styringsdokument
Lov om offentlege anskaffingar	Kommuneplan (areal- og samfunnsdel)
Forskrift om begrensing av forureining	Kommunedelplanar
Lov om vern mot forureiningar og avfall	Budsjett og økonomiplan
Plan- og bygningslova	Områdeplanar
Vass- og avlaupsanleggslova	Bustadpolitisk handlingsplan
Veglova	Energi- og klimaplan
Vegtrafikklova	Trafikksikkerheitsplan
Arbeidsmiljølova	Vedlikehaldsplan kommunale bygg/anlegg
Arbeidsmiljøforskriftene	Hovudplan VA
Internkontrollforskrifta	VA-norm
	Hovudplan veg
	Veg-norm
	Reinhaldsplanar
	Interkontrolldokument
	HMS-dokumenter

Dei dokumenta som er markerte med grått, er ikkje utarbeidde enno.

Tenestetilbodet i eininga har i 2024 vært på nivå med tidlegare år. Nivået har vore relativt høgt både for interne og eksterne brukarar, samanlikna med andre kommunar. Ein har i stor sett klart å følge opp krava og retningslinjene i planverket, med nokon unntak.

Eininga har effektivisert drifta noko, utan at det har gått utover tenestenivået.



Kultur og fritid

Generelt

Bykle kommune har eit rikt kultur- og fritidstilbod som omfattar bibliotek, kulturhus, ungdomsarbeid, kulturskule, samarbeid med lag og organisasjonar, frivilligsentral, idrett, friluftsliv, museum og kulturvern. Kommunen legg vekt på kvalitet og variasjon i tilboda for både innbyggjarar og besøkande.

Utfordringar og strategi

Kommunen står overfor økonomiske utfordringar som krev tydeleg prioritering. Rekruttering av kompetanse, frivillig engasjement og balansen mellom fastbuande og hyttefolk er sentrale tema. Auka mobilitet gjer òg at det er større konkurranse om deltaking i kultur- og fritidstilbod. I tillegg er aleinearbeid og mangel på vikarar ei utfordring for tenestene.

For å møte desse utfordringane satsar kommunen på:

- **Kvalitet og nyskaping:** Moderne og attraktive kultur- og fritidstilbod.
- **Tydeleg prioritering:** Økonomisk berekraftige tiltak tilpassa brukarane.
- **Samarbeid og engasjement:** Auka frivillig innsats og samarbeid med private aktørar.
- **Lokal forankring:** Ta vare på Bykle si kulturhistorie og tradisjonar.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Kulturpolitisk handlingsplan er forankra i kommuneplanen og følgjer nasjonale, regionale og lokale føringar, som Kulturlova, Folkehelselova og Regionplan Agder 2030.

Bykle kommune tilbyr eit breitt spekter av kultur- og fritidstilbod:

Kulturskulen

Bykle kulturskule har 3 årsverk innan undervisning og kulturarbeid for elevar (6–19 år). I 2024 hadde skulen 44 grunnskuleelevar og 20 deltakarar over skulealder, fordelt på 98 elevplassar. Skulen er eit ressurscenter for musikk og kultur, med undervisning i barnehagar, grunnskular og vaksenkor. Kulturskulen har òg ansvar for lyd, teknikk og dirigentoppgåver.

Folkemusikkundervisninga finansierast av Unesco-midlar, og elevane er registrerte i Valle kulturskule grunna interkommunalt samarbeid. Rektoransvaret ligg hos tenesteleiar for kultur og fritid.

Bykle Frivilligsentral

Frivilligsentralen fremjar inkludering og fellesskap gjennom samarbeid med frivillige, lag, næringsliv og kommune. Frivilligsentralen organiserer aktivitetar som språkkafé, bygdekino, symje- og senioraktivitetar, samt TV-aksjonen og arrangement om psykisk helse.

I 2024 vart nye tiltak innført, inkludert besøkeneste i samarbeid med Røde Kors, lågterskelaktivitetar, skiutstyrlån og datakafé. Særleg fokus ligg på inkludering av flyktingar og lik tilgang til fritidsaktivitetar for born og unge. Gjennom samarbeid med Frivilligsentralar i Midt-Agder og folkehelsegruppa styrkar sentralen frivillig innsats i folkehelsearbeidet.

Arrangement og kulturformidling

I 2024 arrangerte kultur og fritid ulike kulturtiltak, mellom anna boksirkel, språkkafé, eventyrstund, UKM, workshops, konsertar og teater. Kulturkaféen hadde fem arrangement, og november sette publikumsrekord med 120 gjester. Hallvard T. Bjørgum heldt konsert i Lislestog som del av Unesco-satsinga.

"Laurdagsopent grendehus" starta hausten 2024, med bruktnarke i november og juleverkstad i desember. Frivilligsentralen arrangerte seniortrim og -treff i samfunnshuset og samarbeidde om Bykledagen, Viking & Villrein, Lysmesse, Adventfest og Bygdekvelen.

Kino

Bykle: 22 filmar, 174 besøk (snitt 8 per film, -37 % frå 2023). Mest sette film: *Bukkene Bruse på badeland* (26 besøk).

Hovden: 29 filmar, 376 besøk (snitt 13 per film, -26 % frå 2023). Mest sette film: *Det ender med oss* (41 besøk).

Grendehus og samfunnshus

Hovden grendehus hadde 2049 rombookingar (+14 % frå 2023), med Hovden Sportsklubb som største brukar (271 bookingar). Bykle samfunnshus hadde 1046 bookingar, hovudsakleg brukt av skulen, Bykle IL og kulturskulen. Bassenget var ope for familiebadning ein gong i veka.

Kulturbussen

Gratis kulturbuss for lokale lag og organisasjonar førte til 50 % auke i bruk frå 2023.

Bibliotek

Bykle bibliotek består av hovudbiblioteket i Bykle og filialen på Hovden, begge kombinert med skulebibliotek. Biblioteksjefen har 1 årsverk.

I 2024: 20 972 besøk, 6 872 utlån. Hovudbiblioteket er meiropent, og etter prøveordning har elevar frå 8. klasse fått fast tilgang (50 brukarar).

Sommarles hadde 56 deltakarar og avslutningsfest med 50 born. Biblioteket arrangerte eventyrstund for barnehagar tre gonger i halvåret og eit populært forfattarbesøk for ungdomstrinna. Ein flyktning var i språkpraksis hausten 2024.

Ungdom og kultur

Fagleiar for ungdom og kultur har hatt ansvar for fritidsklubb, UKM, ungdomsråd og samarbeid med skular og næringsliv. Fagleiar har delteke i SLT (rus- og kriminalitetsførebygging) og sikra midlar til aktivitetar.

Prosjekt og arrangement:

- UKM Bykle og Valle
- Prosjekt for ny skatehall på Hovden
- PoolParty, UKM Fylkesfestival, SommarCamp, Julekick-off, danseworkshop, Den Store Badedagen, digitalt tegnekurs, Ung Arrangør

Bykle-Hovden fritidsklubb "SUMMIT":

- 19 klubbkveldar, 26 aktivetsdagar
- Snitt 17 deltakarar (5.–7. trinn), 16 deltakarar (8. trinn og vidaregåande)



Oppvekst

Bykle barne- og ungdomsskule

Generelt

Bykle barne- og ungdomsskule er ein 1–10-skule. Skulen har òg ei skulefritidsordning (SFO) som er open kvardagar frå kl. 06.45 til 16.00. SFO legg til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barnas alder, funksjonsnivå og interesser, samt gjev omsorg og tilsyn.

Skulen har kantine med gratis skulemat til alle elevar. Dette bidreg til trivsel, helse og eit godt skulemiljø. I tillegg har skulen ei gratis skulefruktordning, og det er plassert vassdispenserar rundt på skulen for å sikre tilgang til reint og kaldt drikkevatn.

Bykle barne- og ungdomsskule har ansvaret for vaksenopplæringa i kommunen, inkludert norskopplæring for flyktningar og språkopplæring for innflyttarar frå andre delar av verda.

Utfordringar og strategi

Skulemiljø

Eit godt skulemiljø er avgjerande for trivsel og læring. Skulen arbeider systematisk for å skape ein trygg og inkluderande læringsarena gjennom følgjande fokusområde:

- **Mobbing og trakassering** – førebygging og handtering
- **Psykisk helse** – tilgang til ressursar for støtte og hjelp
- **Fysisk miljø** – reinhald, leikeområde, aktivitetar og vedlikehald
- **Sosiale relasjonar** – dagleg arbeid for å bygge gode relasjonar
- **Inkludering og mangfald** – alle skal føle seg sett, verdsett og ha moglegheit til å lukkast

Skulen har eit miljøteam med hovudansvar for elevane sitt psykososiale miljø og trivsel. Det er tett samarbeid med helsesjukepleiar, PPT og andre relevante aktørar.

Digitalisering

Digital teknologi skaper nye moglegheiter og utfordringar. Skulen har følgjande prioriterte innsatsområde:

- **Teknisk infrastruktur** – stabil kommunikasjon og oppdatert maskinvare
- **Digital kompetanse** – jamleg opplæring av elevar og tilsette
- **Personvern og sikkerheit** – trygg handtering av personopplysningar
- **Skjermtid og helse** – balansert bruk av digitale verktøy
- **Tilgang og ulikskap** – sikre lik tilgang til teknologi

Bykle skule kombinerer tradisjonelle læremiddel med digitale ressursar. Kvar elev har eigen PC eller nettbrett. Bruken av kunstig intelligens (KI) vil krevje auka kompetanse hjå både tilsette og elevar framover.

Kompetanse og rekruttering

For å oppretthalde eit høgt fagleg nivå er kompetanseutvikling og rekruttering viktig. Skulen har eit ekstra fokus på:

- **Kompetanseheving** – kontinuerleg fagleg utvikling
- **Arbeidsmiljø og trivsel** – skape eit positivt og støttande arbeidsmiljø

Skulen har hatt god rekruttering og stabilitet blant tilsette, men må halde fram med å prioritere arbeidet.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Skulen har eit breitt spekter av tenestetilbod som skal støtte elevane sin læring og trivsel. For å sikre at desse tenestene blir gjeve på ein effektiv og heilskapleg måte må dei vere godt integrerte i det overordna planverket for skulen:

- **Rådgiving og støtte** – elevane har rett på nødvendig rådgiving om sosiale og personlege forhold. Skulen samarbeider med skulehelsetenesta, PPT og andre instansar for å gje god oppfølging.
- **Spesialpedagogisk hjelp** – individuell tilrettelegging i samarbeid med PPT.
- **Skulehelseteneste** – helsesjukepleiar er tilgjengeleg to dagar i veka og gjev helserettleiing og vaksinasjonar.

Overordna planverk

Skulen følgjer læreplanverket, som legg grunnlaget for innhaldet i opplæringa og sikrar ein systematisk og målretta praksis. Verdiane som styrer opplæringa inkluderer menneskeverd, kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk medvit.

Samarbeid og samordning

Skulen samarbeider tett med helse- og omsorgstenesta, barnevernet og andre relevante aktørar for å sikre eit heilskapleg tenestetilbod. FAU og SU er viktige samarbeidsorgan mellom føresette, elevar og tilsette.



Fjellgardane skule

Generelt

Fjellgardane skule er ein 1-7-skule. Ved skulestart hausten 2024 hadde Fjellgardane skule 43 elevar fordelt på sju klassetrinn. 29 elevar nyttar SFO-tilbodet, som er ope frå kl. 07.30 til 16.15.

Skulen har 9 pedagogiske stillingar (inkludert rektor), 0,4 stilling merkantil og ca. 3,5 stilling assistent/fagarbeidar.

Alle elevar får tilbod om leksehjelp to gonger i veka. Det er lovpålagt for mellomtrinnet, 5-7.klasse, men skulen legg til rette for ein time i veka på alle trinn. Tilbodet er ein god moglegheit til å få fagleg hjelp av pedagogar.

Visjonen vår er aktive og trygge elevar.

Utfordringar og strategi

Økonomiske ressursar påverkar skulen sine prioriteringar. For 2024 fekk skulen eit budsjett som var i samsvar med behova. Overforbruk på ca. 600 000 kroner var knytt til uventa kostnader og er avklart med økonomiansvarleg.

Skulen fekk gjennomført det som var planlagt i forhold til kompetanse og personalutvikling, og hadde naudsynte ressursar og kompetanse til å drive ein god og inkluderande skule.

Kommunens overordna planer som kommuneplanens samfunnsdel sett rammene for korleis tenestilbod skal utviklast og prioriterast. I denne samanheng opplev ein at Fjellgardane skule i 2024 vert godt ivaretatt.

Skulemiljø

Eit godt skulemiljø er avgjerande for trivsel og læring. Skulen arbeider systematisk for å skape ein trygg og inkluderande læringsarena gjennom følgjande fokusområde:

- **Mobbing og trakassering** – førebygging og handtering
- **Psykisk helse** – tilgang til ressursar for støtte og hjelp
- **Fysisk miljø** – reinhald, leikeområde, aktivitetar og vedlikehald
- **Sosiale relasjonar** – dagleg arbeid for å bygge gode relasjonar
- **Inkludering og mangfald** – alle skal føle seg sett, verdsett og ha moglegheit til å lukkast

Det er tett samarbeid med helsesjukepleiar, PPT og andre relevante aktørar både innanfor sektoren og tverrfagleg.

Digitalisering

Digital teknologi skaper nye moglegheiter og utfordringar. Skulen har følgjande prioriterte innsatsområde:

- **Teknisk infrastruktur** – stabil kommunikasjon og oppdatert maskinvare
- **Digital kompetanse** – jamleg opplæring av elevar og tilsette
- **Personvern og sikkerheit** – trygg handtering av personopplysningar
- **Skjermtid og helse** – balansert bruk av digitale verktøy
- **Tilgang og ulikskap** – sikre lik tilgang til teknologi

Fjellgardane skule kombinerer tradisjonelle læremiddel med digitale ressursar. Kvar elev har eigen PC eller nettbrett. Bruken av kunstig intelligens (KI) vil krevje auka kompetanse hjå både tilsette og elevar framover. **Skulemiljø**

Eit godt skulemiljø er avgjerande for trivsel og læring. Skulen arbeider systematisk for å skape ein trygg og inkluderande læringsarena gjennom følgjande fokusområde:

- **Mobbing og trakassering** – førebygging og handtering
- **Psykisk helse** – tilgang til ressursar for støtte og hjelp
- **Fysisk miljø** – reinhald, leikeområde, aktivitetar og vedlikehald
- **Sosiale relasjonar** – dagleg arbeid for å bygge gode relasjonar
- **Inkludering og mangfald** – alle skal føle seg sett, verdsett og ha moglegheit til å lukkast

Skulen har eit miljøteam med hovudansvar for elevane sitt psykososiale miljø og trivsel. Det er tett samarbeid med helsesjukepleiar, PPT og andre relevante aktørar.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Overordna planverk

Det overordna planverket for skulen, inkludert læreplanverket, legg grunnlaget for innhaldet i opplæringa og prinsippa for skulen sin praksis. Overordna del av læreplanverket inneheld verdiane og prinsippa som skal styre opplæringa, som menneskeverd, identitet, kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk medvit. Dette planverket sikrar at skulen arbeider systematisk og målretta for å fremje elevane sin læring og utvikling.

Tenestekvalitet og effektivitet

Kommunen skal sikre at tenestene held høg kvalitet og er kostnadseffektive. For å sikre dette har skulen styrkt arbeidet med dokumentasjon og rapportering. Skulen nyttar Visma Flyt Skule (VFS) og har i aukande grad nytta Visma Sikker Sak (VSS) for trygg handtering av elevinformasjon.

VSS for skulen gjev dei tilsette eit sikkert saksbehandlingssystem som er enkelt å bruke. Dette sikrar god produksjon av dokumentasjon og trygg lagring til det beste for skulen, elevane og dei føresette.

Samarbeid og partnerskap

For å oppnå måla i det overordna planverket, samarbeider skulen med andre offentleg aktørar. Dette bidreg til å styrke tenestetilbodet og utnytte ressursane betre. Eksempel på lokale samarbeidspartnarar er PPT, helse og psykisk helse.

I 2024 deltok skulen i:

- **Læringsmiljøprosjektet** (Læringsmiljøsenderet i Stavanger)
- **Kompetanseløftet+** (inkluderande læringsmiljø – UIA)

Innbyggjarinvolvering

Skulen legg stor vekt på å sikre medverking i prosessar og avgjerder som påverkar tilbodet. Føresette blir involverte gjennom FAU og SU, som er viktige forum for samarbeid mellom skule, elevar og heim.



Barnehage

Generelt

Bykle barnehage hadde våren 2024 ti barn fordelte på éi avdeling og totalt 4,6 årsverk, inkludert tenesteleiar. Hausten 2024 var det ni barn med same bemanning.

Fjellgardane barnehage hadde våren 2024 25 barn fordelt på tre avdelingar og 9,6 årsverk inkludert tenesteleiar. Hausten 2024 auka barnetalet til 32, med uendra bemanning.

Vi har eit fagleg sterkt og engasjert personale i barnehagane. Arbeidsmiljøet er godt, og dei tilsette viser stor innsatsvilje, spesielt ved sjukefråvær eller andre utfordringar. Med auka barnetalsvekst ser vi kor viktig det er å ha tilstrekkeleg bemanning for å møte daglege krav og utfordringar.

Sjukefråvær har vore eit gjennomgåande tema dette året, både blant tilsette og barn. Krava til kvalitet kan ikkje oppretthaldast berre med vikarar utan erfaring eller rett kompetanse. Det krev kvalifisert personale for å sikre eit trygt og pedagogisk tilrettelagt tilbod.

Barnetalet har auka med sju barn i 2024. Det er positivt, men gjev òg ein krevjande personalsituasjon, spesielt i høve til dei barna som treng ekstra oppfølging.

Utfordringar og strategi

Barnehagen har møtt fleire utfordringar det siste året. Nokre av dei mest sentrale har vore:

- **Bemanning:** Auka sjukefråvær og vanske med å skaffe kvalifiserte vikarar har utfordra stabiliteten i drifta. Barnetalsauken i Fjellgardane barnehage har gjort at vi nå er nærare minimumskravet i lova for grunnbemanning.
- **Rekruttering:** Vi ser eit behov for å styrke rekrutteringa ved å vere meir synlege på utdanningsmesser, tilby praksisplassar og sjå på tiltak som gjer oss til ein meir attraktiv arbeidsplass.
- **Kompetanseutvikling:** I 2024 har barnehagane delteke i Læringsmiljøprosjektet, eit tiltak som omfattar barnehagar og skular i kommunen. Prosjektet fokuserer på tryggleik og trivsel i barnehage-, SFO- og skulemiljø.
- Kurs med RVTS Sør: "Snakke med barn", ein simulator for å øve på samtalar om vald, seksuelle overgrep og andre sensitive tema.
- Kurs i regi av Stine Sofie-stiftinga: Opplæringsprogram om vald og overgrep mot barn, som gjev dei tilsette betre verktøy for å oppdage og handle ved bekymringar.

Vidare har vi vore del av kompetanseløftet+ i samarbeid med UiA, der fokuset har vore på inkludering, vaksenrolla og profesjonelt læringsfellesskap.

Personalet har i tillegg delteke på:

- Kurs med RVTS Sør: "Snakke med barn", ein simulator for å øve på samtalar om vald, seksuelle overgrep og andre sensitive tema.

- Kurs i regi av Stine Sofie-stiftinga: Opplæringsprogram om vald og overgrep mot barn, som gjev dei tilsette betre verktøy for å oppdage og handle ved bekymringar.

Tenestetilbodet og forholdet til overordna planverk

Barnehagane i Bykle kommune gjev eit tilbod av høg kvalitet og er forplikta til å fylgje:

- Rammeplan for barnehagen
- Lov om barnehagar
- Bykle kommune sin kommuneplan, samfunnsdel
- Verksemdsplan for barnehagane
- Årsplan for barnehagane i Bykle kommune

Vi har tidlegare hatt historisk høg grunnbemanning, noko som har gitt oss fleksibilitet i opptak, styrka allmennpedagogisk innsats og spesialpedagogisk oppfølging. Med auka barnetalsvekst er vi nå på linje med andre barnehagar, noko som krev ei vurdering av bemanningsbehova framover.

Samfunn og utvikling

Barnehagen sitt mål er å skape eit stimulerande oppvekstmiljø der årsplanen er eit viktig arbeidsverktøy. Planen vert utarbeidd saman med dei tilsette over ein lengre tidsperiode for å sikre at den vert eit levande dokument i det daglege arbeidet.

Tenestekvalitet og brukarmedverknad

Vi legg vekt på god dialog med dei føresette og gjennomfører:

- Oppstartssamtalar for nye barn
- Foreldresamtalar minst to gonger årleg
- Foreldremøte
- Møter i samarbeidsutvalet